

Årsmelding 2020



Valle kommune



Forord	4
Politisk leiing.....	6
Administrativ leiing	6
Organisasjonskart.....	7
Overordna mål og planar	8
FN`s berekraftmål.....	9
Etiske retningslinjer.....	10
Likestilling og mangfald.....	10
HMS	12
Internkontroll	13
Beredskap.....	14
Demografi, demografikostnader, bustad og næring.....	16
Sentrale kapittel	19
Totaloversikt økonomi – Bevilgningsoversikt drift, § 5-4.....	19
Økonomisk oversikt etter art-drift – Bevilgningskjema, § 5-6.....	22
Sentrale inntekter.....	22
Sentrale utgifter	23
Finansinntekter og -utgifter	23
Utvikling i netto driftsresultat	23
Status investering og finansiering (2A) – bevilgningsoversikt investering, § 5-5.....	24
Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder	26
Sykefravær.....	29
Kommunen sine tenestekområder	30
Politisk styring	30
Rådmannen	31
Næring.....	33
Kultur, bibliotek.....	35
Personal.....	42
IKT	43
Økonomiavdelinga	46
Velkomstsenter	48
Frivilligstentral.....	50
Interkommunalt PPT	51
Interkommunalt barnevern.....	54

Skule	55
Barnehage	58
Felles skule /skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde	60
Helseavdelinga	64
NAV	68
Pleie og omsorg	70
Teknisk – teknisk drift og forvaltning	72
Teknisk sjef	73
Teknisk drift	74
Teknisk forvaltning	76
VAR	79
Drift veg	80
Drift reinhald	82

Forord

Rådmannen legg med dette fram årsmelding for Valle kommune 2020. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2020 – 2023, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon frå førearbeid til statsbudsjett 2020, og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

2020 ga oss meir enn vi kunne tenkje oss av utfordringar. Året er eit godt eksempel på at ting ikkje alltid vert som planlagt. På grunn av covid-19 har Valle kommune i store deler av 2020 stått i uforutsigbare og krevjande situasjonar. Vi har fått testa både kriseberedskap, omstillingsevne og uthaldenheit. For deler av næringslivet i kommunen har Covid 19-utbrotet gitt store utfordringar. Samtidig ber 2020 preg av at Valle er ein kommune der mykje skjer. Det er stor aktivitet i Brokke med hyttebyggjing og opparbeiding av nye område. Både Brokke og Bjørnevatn tilbyr flotte skiløyper. I Valle sentrum og Rysstad sentrum var det yrande liv i sommar. I 2020 har Valle kommune styrkt seg som attraktiv fritidskommune. Dette har gitt positiv ringverknad for heile kommunen i ei spesiell tid.

Kommuneplanen for Valle kommune gir mål og retning for utvikling av Valle. Kommunen må heile tida vere i rørsle for å møte nye tider og behov. Utvikling handler om å fortsette og være ein innovativ organisasjon som løyser samfunnsoppdraget på ein effektiv måte.

I 2020 gjennomførte BDO ein tenestegjennomgang på bestilling frå Valle kommune. I tenestegjennomgangen, som tok utgangspunkt i kostratal, fekk ein fram og belyst dei områda der Valle kommune har større avvik i høve til samanliknbare kommunar for å kunne gjer innsparing i høve til kostnadsnivå. Funn som vart gjort i rapporten er i veldig stor grad samanfallande med dei vurderingar og dei økonomiske grep som vart gjort i økonomiplan for 2020-2023 for å få ei vridning i budsjetttrammene i tråd med den demografiske utvikling og dei behov ein såg vil koma i tida framover. Den demografiske utviklinga går i retning av ei moderat til låg befolkningsvekst med færre barn i barnehage og skule og fleire eldre. I 2021 vil vi fortsette fokuset på driftstilpassing basert på demografisk utvikling.

Skal Valle kommune vidareføre eit godt tenestetilbod innanfor ansvarlege økonomiske rammer må kommunen yte tenester etter prinsippa "rett teneste til rett kvalitet til rett innbyggjar". Dette gjer at vi må samhandle og arbeide på nye måtar. Covid-19 har vist oss at vi kan samle oss om ein felles utfordring, det har gitt oss raskere slutninger og nye steg i samhandlinga. Dette må vi også ta med vidare til ordinær drift og utvikling i tida framover.

For å følgje opp politiske mål og ambisjonar på ein heilskapeleg måte skal vi i 2021 fortsette å utvikle verksemdstyringa i kommunen. Vi skal bli betre på å planleggje, gjennomføre og følgje opp frå overordna planar til daglege gjeremål og prioriteringar. Verksemdstyringa skal gjere oss i stand til å sjå sammenhengar og styre etter mål og ønska resultat.

2020 blei eit annleis år. Vi har blitt minna på at Valle er ein del av den globale verda. FNs berekraftsmål utgjør det overordna rammeverket for utviklinga av Valle kommune. Berekraftsmåla skal hjelpe oss til å løfte blikket, styre i riktig retning og utvikle gode løysingar lokalt som også bidreg globalt. Skal kommunen lukkast med å omsette dei globale måla i lokal

handling og praksis, må Valle kommune framover arbeide med få eigarskap til måla, og at måla vert integrert i leiing, planleggjing og styring.


Ein stor takk for jobben som vert gjort - kvar dag - heile året til alle medarbeidarar, næringsliv, innbyggjarar, hytteinnbyggjarar og folkevalde. Bakteppet for årrapporten er at vi legg eit svært krevjeande år bak oss, og ser fremover til det som møter oss det kommende året, der vi saman skal finne dei gode grep for vidare utvikling av Valle i ein kultur der vi er stolt av eigen kommune.

Aud Sunniva Fuhr

Rådmann

Politisk leiing

Politisk struktur:



Formannskapet har også rolle som administrasjonsutval, då utvida med to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Møtene i kommunestyret, formannskapet og levekårsutvalet er opne for publikum. I denne perioden er mandatfordelinga i kommunestyret slik: Arbeidarpartiet: 6 medlemmer, Høgre: 2 medlemmer, Senterpartiet: 6 medlemmer, Venstre: 1 medlem.

Arbeidarpartiet har ordførar og Høgre har varaordførar.

Administrativ leiing

Valle kommune er organisert som to-nivå kommune. Administrativ leiing i kommunen er rådmann og leiarane for dei enkelte einingane i kommunen.

Leiargruppa har denne formålsplakaten:



Mål for Valle kommune som organisasjon

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidssretta samfunnsutviklar og eit truverdige forvaltningsorgan

«Kommuneplanen»

Formål for rådmannen si leiargruppe

Rådmannen si leiargruppa skal ha og arbeide for felles haldning til kommunen si målsetting og våre kjerneverdier.


Dette gjer vi gjennom å være ein lærande organisasjon der samhandling og kommunikasjon er prega av profesjonalitet, støtte og tillit.

Arbeidet i leiargruppa skal bidra til fellesskap, fagleg utvikling og tryggleik i leiarrolla samt verdiskaping i organisasjonen.

Openheit truverd respekt mot

Organisasjonskart

Organisasjonskart:



Overordna mål og planar

Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder er Agder-regionens viktigaste overordna dokument for regional utvikling. Fylkestinga i Aust-Agder og Vest-Agder vedtok i juni 2019 nye Regionplan Agder 2030.

Hovudmålet med Regionplan Agder 2030 er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lavutsleppssamfunn med gode levekår.

Planen har fem hovudsatsingsområde:

- Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter
- Verdiskaping og bærekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplasser
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfold
- Klima og miljø

Valle kommune legg Regionplan Agder til grunn for sitt planarbeid.

Kommuneplan for Valle kommune 2016 - 2028

Gjeldande kommuneplan for Valle kommune vart vedtekten 22.06.2016.

Overodna mål i kommuneplanen

Samfunnsutvikling

- kommunane skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu der, mellom anna gjennom god planlegging

Tenesteyting

- kommunane har eit breitt ansvar for offentlege velferdstenester

Forvalting

- kommunane forvaltar mynde i saker etter for eksempel sosial- og helselovgjevinga, plan- og bygningslova m.fl.

Kommunal planstrategi 2020-2023

Planstrategi for Valle kommune blei godkjent av kommunestyret 16. desember 2020

FN`s berekraftsmål

FN`s berekraftsmål er felles arbeidsplan for verda for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. FNs berekraftsmål består av tilsaman 17 mål og 169 delmål, og gir ei felles global retning for land, næringsliv og lokal (sivil)samfunn



Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever idag, utan å øydelegge framtidige generasjonars moglegheiter til å dekke sine behov.

Berekraftsmåla gjeld for alle land, og regjeringa har forplikta Noreg til å arbeide for å nå måla. Kommunane er sentrale aktørar i arbeidet med berekraftsmåla, og regjeringa har kome med tydelege forventningar om at kommunane legg FN`s berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanleggjnga.

FN`s berekraftsmål skal utgjere det overordna rammeverket for utvikling av Valle kommune. Berekraftsmåla skal hjelpe oss til å løfte blikket, styre i riktig retning og utvikle gode løysingar som bidrar globalt, sjølv om vi er ein liten kommune.

Skal kommunen lykkast med å omsetje dei globale måla til lokal handling og praksis, må Valle kommune si administrative og politiske leiding arbeide med å få eigarskap til måla og at måla vert integrert i leiding, planleggjing og styring av kommunen.

Klima og miljø

Klimaendringar påverkar Valle på mange vis, mellom anna auka flaum- og rasfare. Valle må tilpasse seg klimaendringane, og samtidig gjere ein innsats for at klimagassutslepp blir redusert.

Valle kommune har sidan 2009 hatt ein nedgang i klimagassutslepp. Nedgonga har vore særleg stor frå vegtrafikken, noko som truleg har samanheng meg fleire elbilar. Kommunane i Setesdalen har tilrettelagt med god ladekapasitet.

Kommunen har fokus på energiøkonomisering innan bygg. Tiltak er prioritert i budsjett og ved val av tiltak i høve nasjonalt kommunalt tilskot til vedlikehald, covid-midlar fase 3. Kommunen har starta arbeidet med utskifting av kommunen sin bilpark til elektriske biler. I tillegg har ein fått kompetanse på miljøsertifisering for miljøsertifisering av eigne bygg.

I planstrategi for Valle kommune 2020-2030 vart det lagt inn temaplan for berekraft og klima i 2022.

Etiske retningslinjer

Valle kommune har utarbeidd etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. Dei etiske kjerneverdiane i Valle kommune er openheit, truverdig, respekt og mot. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene. Brot på retningslinjene er kritikkverdig, og skal følgjast opp. Alle tilsette i Valle kommune skal oppleve at det er trygt å seie i frå om kritikkverdige forhold, og det vert oppfordra til å varsle om alle kritikkverdige forhold i verksemda. Det er utarbeidd rutine for varsling og avvikshandtering i Valle kommune. Det er ikkje registrert varsel om brot på dei etiske retningslinjene i 2020.

Likestilling og mangfald


Likestilling

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfald er eitt av fleire satsingsområde i Agder regionen. Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Valle kommune skal ha ei medviten haldning til desse momenta når vi rekrutterer, og i forholdet til våre tilsette. Eit fokus på likestillings- og mangfaldsarbeid er viktig for å skape eit rettferdig og konkurransedyktig arbeidsmiljø samt godt omdømme. Når vi rekrutterer nye medarbeidarar til kommunen oppfordrar vi alle kvalifiserte kandidatar uansett alder, funksjonsevne, kjønn, seksuell orientering, religion eller etnisk bakgrunn til å søkje.

Kjønnsfordeling:

Tabellen under viser kjønnsfordeling pr. desember 2019 (PAI-registeret). Medrekna er tilsette i faste og midlertidige stillingar. Oversikta visar at ca. 82% av medarbeidarane i Valle kommune er kvinner. Oppvekst, helse/pleie/omsorg og sentraladministrasjon er einingar med høg kvinneandel. Kommunen ynskjer å utjamne kjønnsfordelinga, og brukar rekrutteringsprosessen i ein viss grad til dette. Rekrutteringsprosessen gir moglegheit for å oppfordre det underrepresenterte kjønn til å søke. Dette har ikkje ført til ynskt resultat då vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft.

På grunn av utsett frist for rapportering til PAI-registeret, er tala for 2020 ikkje publisert enno. Fristen for rapportering for 2020 i PAI-registeret var 15. februar 2021. Det er ikkje grunn til å tru at det er store forandringar i talmaterialet frå 2019 til 2020.



Etnisitet, religion, funksjonsevne m.m

Valle kommune har kvart år fleire personer inne i jobb for å gi språk- og arbeidstrening. Fleire av desse har blitt, og blir tilsett, på ordinære vilkår. Valle kommune har ikkje ein total oversikt over antall tilsette med ulik etnisk, religiøs bakgrunn osv. På leiarnivå og i stillingar med krav til høgare utdanning er andelen låg. I våre stillingsannonser er vi tydelege på at arbeidsplassar i Valle kommune skal vere prega av mangfald, og alle kvalifiserte søkjarar vert oppfordra til å søke.

Valle kommune har tilsette som har fått tilpassa si arbeidstid og sine arbeidsoppgåver etter funksjonsevne og/eller sin reduserte arbeidsevne. Arbeidsgjevar har ei plikt til å legge til rette arbeidstid, arbeidsoppgåver, arbeidsmetode og tilby hjelpemiddel. Dette følgjer av arbeidsmiljølova og anna sentralt lov- og avtaleverk som legg føringar på oss som arbeidsgjevar. Vi har eit tett og godt samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta når det gjeld tilrettelegging og tilpassing av arbeidsforholdet til tilsette med særskilte behov.

Likeløn

Kommunen har eit tariffsystem der majoriteten av dei tilsette får fastsatt løn etter krav til utdanning og ansiennitet. Dette gjeld tilsette innplassert i kapittel 4, tilsette i kapittel 3 og 5 er ikkje omfatta av garantilønssystemet i hovedtariffavtalen, og har ei lokal lønsdanning. Uavhengig av kapittelinnplassering vil kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/kjønnsidentitet, sosial bakgrunn eller andre utanforliggende omsyn ikkje ha innverknad på lønsplassering.

Kvinnerens månadsforteneste innanfor same stillingskode var i 2019 på 98,3% av menns og innanfor same stillingsgruppe 102,4%. Tala for resten av kommune-Noreg er 97,8% (stillingskode) og 98% (stillingsgruppe). I all hovudsak så ser vi små forskjellar mellom kvinner og menn når det gjeld månadsforteneste i Valle kommune. Som tidlegare nemnd, er ikkje tala for 2020 publisert enno i PAI-registeret.

HMS

HMS er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerhet for våre tilsette, og dei tenestene vi leverer. Arbeidstakarane har på si side ansvar for å bidra i dette arbeidet.

Arbeidet med revisjon av overordna HMS handbok vart starta mot slutten av 2019, og vart slutført i mai 2020.

Innan 15. mai kvart år skal det gjennomførast vernerunde ved alle verneområda i kommunen. Det blir utarbeidd ein rapport basert på funn og avvik i vernerunda. Arbeidsmiljøutvalet behandlar alle rapportane frå verneområda for å vurdere særskilt oppfølging, og som ein kontroll på at avvika vert lukka og handtert. I 2020 vart det ikkje gjennomført vernerundar på grunn av corona- situasjonen.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) er eit besluttande og rådgjevande samarbeidsorgan som skal verke for gjennomføringa av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i verksemda. Utvalet skal delta i planlegginga av verne- og miljøarbeidet i verksemda, og følge nøye med på utviklinga av arbeidsmiljøet. AMU består av tre representantar frå arbeidsgivar og tre arbeidstakarrepresentantar:

Arbeidsgjevar: Rådmann, leiar økonomi, fagansvarleg personal

Arbeidstakar: Hovudverneombod, hovudtillitsvald Utdanningsforbundet, hovudtillitsvald Fagforbundet

Representant frå bedriftshelsetenesta er fast medlem i utvalet, men har ikkje stemmerett.

AMU gjennomførte fire møte 2020 – 4. februar, 5. mai, 1. september og 3. november. AMU har blant anna behandla desse sakane:

- Avviksrapportering
- Sjukefråvær
- Overordna HMS- handbok
- Handlingsplan for 2020 Lund bedriftshelsetenesta
- Årshjul kontroll og oppfølgingspunkt HMS og AMU 2020
- Budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Bedriftshelseteneste

Bedriftshelsetenesta er ein viktig del av kommunen sitt systematiske HMS-arbeid. Valle kommune har i samråd med bedriftshelsetenesta utarbeidd ein handlingsplan for 2020. Planen inneheld sentrale aktivitetar der bedriftshelsetenesta skal bidra i løpet av året. Lund bedriftshelseteneste er fast deltakarar i AMU samt i Møteplassen. Bedriftshelsetenesta skal være fagkyndige og rådgjevande innan førebyggjande helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid, og skal bistå arbeidsgjevar og dei tilsette med å følge med, og følge opp, arbeidsmiljøet og komme med forslag til forbetringar.

Great place to work (GPTW)

Medarbeidarundersøkinga Great place to work (GPTW) vart gjennomført for andre gong våren 2018. GPTW målar medarbeidaranes tillit til leiinga, stoltheit til jobben ein gjer, og fellesskapet til kollegaer.

Dette er ikkje ei leiarevaluering, men ei evaluering av leiarskapet som heilskap i Valle kommunen – ei kartlegging av arbeidsmiljøet. Undersøkinga gir grunnlag for eit kontinuerleg forbetningsarbeid, dette arbeidet er pågåande i avdelingane og vert fylgt opp i arbeidsmiljøutvalet. Valle kommune har vedtatt å gjennomføre medarbeidarundersøking annankvart år. Neste undersøking var planlagt hausten 2020, men på grunn av corona-situasjonen, er dette utsett til hausten 2021. Målsetjinga er å sjå at det forbetningsarbeidet som er satt i gang har ein effekt på arbeidsmiljøet i verksemda.


Velferdstiltak


- Bedriftsleilegheita i Kristiansand er eit svært positivt tiltak, og den er mykje nytta. I 2020 hadde ein totalt 112 overnattingsdøgn i leilegheita.
- Det er høve til å trimme i arbeidstida for alle tilsette med inntil ein time i veka.
- Til vanleg arrangerer kommunen jolebord for dei tilsette, men i 2020 vart det ikkje skipa til jolebord på grunn av corona- situasjonen. I staden for jolebord vart det kjøpt inn "gåveposar" til alle med tilsettingsforhold i Valle kommune. Dette vart godt motteke. Tildeling av gåver til gullklokkekandidatar som til vanleg skjer på jolebord, er utsett til det let seg gjere å ha ei samling med middag i 2021.
- Arbeidstakarar som har gått av med AFP og alderspensjon har vert gjeve gåvekort til ein verdi av kr 3000.
- Fast tilsette arbeidstakarar som har fylt 50, 60 og 70 år har vert gjeve gåvekort til verdi av kr 1 000.

Internkontroll

Kommunelova § 25 tydeleggjer kva som er kommunen sine plikter i høve internkontroll. Valle kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo som er eit modulbasert, heiskapleg kvalitetssystem. Alle tilsette i Valle kommune har tilgang til Compilo, og lesetilgang til samtlege dokument i systemet. Valle kommune nyttar følgjande modular: dokumenthandtering, avvikshandsaming og varsling, og desse ivaretar formelle tilhøve kring lovverket. Pleie og omsorg er den eininga som i størst grad nyttar avviksmodulen i Compilo. Lovverk, planar, prosedyrar, rutinar med meir skal arkiverast i Compilo, der det og er lagt inn faste intervall for revisjonar/oppdatering av dokument. Systemet Compilo, og modulane der, ivaretar lovverk knytt opp mot § 25 i kommunelova.

I 2020 var der meldt inn 431 avvik. Nedanfor er der grafiske framstillingar på korleis avvika er fordelte når det gjeld alvorsgrad (høg, middels og låg), kategori (HMS, teneste/brukar, organisasjon), status (lukka/ikkje lukka) og Avvik - tid før lukka (kor mange dagar før eit avvik blir lukka)





Eventuelle statlege tilsyn vil bli omtalt på einingsnivå.

Beredskap

Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige system avslører ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar på ein tilfredsstillande måte. Sjølv mindre forstyrringar kan føre til vesentlege tap for samfunn og miljø. God beredskap kan forebygge mange slike situasjonar og redusere tap når ulykka er ute.

§1 i [forskrift om kommunal beredskapsplikt](#) av 22.08.2011 viser at kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for ivaretaking av befolkninga si sikkerheit og tryggleik innanfor sine geografiske område som myndigheit, verksemd og som pådrivar ovanfor andre aktørar.

Kommunen sitt ansvar ved kriser

Kommunen sitt ansvar i ein krisesituasjon er å delta i arbeidet med skadeavgrensande tiltak for å sikre menneske, miljø og økonomiske verdiar. Det kan også være situasjonar der kommunen sjølv er ansvarleg for å handtere hendingar, for eksempel ved smitteutbrot e.l.

Kommunen sitt mål for beredskapsarbeid er tryggleik for kommunen sine innbyggjarar og besøkande, samt bedrifter, med omsyn til liv, helse, miljø og eigedom. Dette blir sikra ved å:

- Redusere *sannsynet* for at krisesituasjonar kan oppstå
- Handtere uønska hendingar og redusere *konsekvensar* av desse


Plan for kriseleiiing

Plan for kriseleiiing (K.sak 30/17) er ein overordna plan for beredskap i kommunen. I tillegg til denne gjeld følgende beredskapsplanar:

- Plan for helsemessig og sosial beredskap med smittevernplaner og NAV
- Beredskapsplan for vannforsyning (siste kapittel i IK vannverk)
- Beredskapsplan ved akutt forurensing
- Beredskapsplaner for de kommunale skolene

Kommunens kriseorganisasjon

Kommunens kriseorganisasjon består av kommunens kriseleiing med støttetjenester og, ved behov, øvrige tilsette i kommunen. Organiseringa kan ein illustrere slik:



Rådmannen er leiar for kriseleiinga og har eit overodna ansvar for kommunen sin beredskap. Ordførar representerer kommunestyret som er overordna kriseleiinga og skal i samråd med rådmann beslutte etablering av kriseleiinga. Beredskapskoordinator er kriseleiinga sin beredskapsfaglege rådgjever og har ansvar for internkontroll. I tillegg er leiar for pleie- og omsorg og informasjonansvarleg medlemmer i kommunen si kriseleiing. Kommuneoverlege og leiarar/ andre ressurser vert kalla inn ved behov avhengig av hending.

ROS analyse

I 2020 har ein revidert og godkjent ROS analyse - skjematisk analyse av moglege uønska hendingar (ks. 20/20).

Fire faggrupper sammensett av fagpersonell fra Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland kommuner har vurdert sannsyn, sårbarheit og konsekvensar knytt til 24 uønska hendingar som kan inntreffe i ein kommune.

Covid pandemien

Covid 19 og omfattande nasjonale tiltak førte til at kriseleiing i Valle kommune vert satt 12. mars 2020. Valle kommune har vald å ha kriseleiinga operativ gjennom heile pandemien. Rådmann har vore leiar for kriseleiinga. Kommuneoverlege har vore fast med i kriseleiinga. I første fase deltok skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde. Kriseleiinga har hatt faste møte frå 2 til 4 gonger i månaden samt etter behov. I 2020 var det ikkje registrert smitte i kommunen.

I høve tiltak har Valle kommune fulgt nasjonale føringar. Kommunen har rapportert nasjonalt og regionalt og deltatt på nasjonale, regionale og lokale møtepunkt knytt til covid 19. Kommunen har lagt vekt på god informasjon til tilsette, innbyggjarar, næringsliv og hyttebuarar.

Valle kommune har prioritert smitteverntiltak internt.

Demografi, demografikostnader, bustad og næring

Befolkningsutvikling 2010 - 2020

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Født	14	8	9	8	4	9	15	7	11	10	7
Døde	22	21	12	18	13	17	12	18	16	7	14
Fødselsoverskudd	-8	-13	-3	-10	-9	-8	3	-11	-5	3	-7
Innvandring	15	7	12	12	10	15	21	18	3	5	7
Utvandring	4	2	0	3	1	8	2	6	5	4	0
Innflytting, innenlands	36	49	48	46	39	47	39	42	43	48	44
Utflytting, innenlands	44	33	73	52	58	55	57	64	105	46	39
Nettoinnflytting, inkl. inn og utv.	3	21	-13	3	-10	-1	1	-10	-64	3	12
Folkevekst	-5	9	-16	-7	-19	-9	4	-21	-69	8	5
Folketal	1 284	1 293	1 277	1 270	1 251	1 242	1 246	1 225	1 156	1 164	1 169

Tabellen ovanfor syner at Valle kommune hadde ei positiv befolkningsauke på 5 personar i 2020. Likeins ser ein og at der var ei auke på 8 personar i 2019. Det kan sjå ut til at der er ein tendens til ei forsiktig auke i folketalet etter den store nedgonga i 2017-2018. Det er likevel slik at den positive auka i folketal ikkje skuldast fødselsoverskot – for ser ein på antal fødde /døde i same året (2020) er der eit fødselsunderskot på 7 personar. Det er nettoinnflyttinga, som er på +12 personar som er hovudårsaka til auka i folketal i 2020.

Befolkningsprognose

-tabellen syner befolkning per 1. januar kvart år for dei ulike aldersgruppene.

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031
0 - åringer	8	10	10	10	10	10	11	11	11	11	11
Barnehage (1-5 år)	49	52	47	52	50	51	53	54	56	57	58
Grunnskole (6-15 år)	117	114	122	114	112	106	104	104	106	106	108
Vidareg. (16-19 år)	56	50	54	60	58	61	58	52	49	47	45
Vaksne (20-66 år)	692	672	655	642	643	634	628	626	623	623	624
Eldre (67-79 år)	185	202	207	212	208	220	219	221	223	212	194
Eldre (80-89 år)	48	50	55	59	66	65	73	74	72	83	98
Eldre (90 år og eldre)	14	12	10	10	10	8	8	11	12	13	13
Total	1 169	1 162	1 160	1 159	1 157	1 155	1 154	1 153	1 152	1 152	1 151

Årsmelding 2020

Befolkningsprognosa over tar utgangspunkt i «låg nettoinnvandring» på grunnlag av siste to års utvikling, sjølv om det kan verke noko optimistisk om ein ser dette i eit noko lengre historisk perspektiv. Nedgonga i folketalet ser ikkje ut til å bli dramatisk i eit tiårs-perspektiv, ei nedgong frå 1169-1151, barnetalet vil halde seg nokonlunde stabilt (om ein reknar saman gruppene 0-åringar, barnehage og grunnskule), medan det ser ut til å kunne bli ei dramatisk auke i antal eldre. Gruppa eldre (67-79 år) ser ut til å kunne nå ein topp i åra 2026-2029, medan gruppa eldre (80-89 år) ser ut til å kunne meir enn doble seg frå dagens nivå (48) fram mot 2031 (98)

Befolkningsprognose og demografiutgifter

-effekt av befolkningsutvikling og berekna kostnadsnivå

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	Totalt
0 - åring	166 712	-166 712	166 712	0	0	0	0	83 356	0	0	0	250 068
Barnehage												
1-5 år	1 787 814	1 143 975	831 824	1 143 975	1 143 975	-457 590	83 356	457 590	228 795	457 590	228 795	1 186 521
Gr.skole												
6-15 år	-168 951	2 027 412	-506 853	1 351 608	1 351 608	-337 902	1 013 706	-337 902	0	337 902	0	4 054 824
Vidareg.												
16-19 år	-99 033	71 926	-153 247	99 033	145 731	-52 335	70 047	-64 410	-145 731	-66 289	-52 335	-246 643
Vaksne												
20-66 år	141 988	-3 477	-419 767	-419 642	-269 979	43 930	-176 503	-109 697	-10 234	-45 290	8 963	1 259 708
Eldre												
67-79 år	307 970	739 128	1 047 098	307 970	307 970	-246 376	739 128	-61 594	123 188	123 188	-677 534	2 710 136
Eldre												
80-89 år	1 227 360	-409 120	409 120	1 022 800	818 240	1 431 920	-204 560	1 636 480	204 560	-409 120	2 250 160	7 977 840
Eldre												
90 år og e.	0	-805 374	-805 374	-805 374	0	0	-805 374	0	1 208 061	402 687	402 687	1 208 061
Total	-211 768	1 457 066	569 513	412 420	794 329	381 647	1 307 612	1 603 823	1 608 639	800 668	2 160 736	5 355 329



I tabellen over blir det vist den økonomiske effekten av endring i befolkningsprognose frå eitt år til neste. I berekningane vil basisåret vere året før første år i visningane. For eksempel vil 2019 være basisåret som det bereknast ut frå dersom 2020 er første år i tabellen. Berekning av økonomisk endring som følge av befolkningsutviklinga er basert på TBU sin berekningsmetode.

Denne grafikken syner påverknaden framtidige befolkningsendringar vil ha på kommunens berekna fordeling av driftsutgifter i forhold til kva som vart berekna i 2019. Dei store linene, altså 10-årsperspektivet syner blant anna her at det berekna kostnadsbehovet for grunnskule vil synke med over 4 millionar, medan det berekna kostnadsbehovet for eldre i aldersgruppa 67-89 år aukar med bortimot 11 millionar.

Valle kommune sine driftsutgifter er høgare enn berekningane frå TBU synt i tabellen over, så talgrunnlaget kan ikkje direkte samanliknast med Valle kommune sine reelle tal for driftsutgifter. Ein kan

likevel nytte talmaterialet i matrisa over til å sjå kva for tenesteområde som i framtida vil ha behov for meir eller mindre driftsmidlar.

Sysseletting (etter bustad)



Tabellane ovanfor syner fordeling på antal arbeidsplassar etter bustad i ulike næringar. Summen av sysseletatte fordelt på næringane i tabellen for 2019 var 603, medan tilsvarende sum for 2020 var 624. Dette syner ei auke på 21 sysseletatte personar frå 2019-2020.

Fritidsbustader

Antal fritidsbustader				
År	2018	2019	2020	2021
Antal	1267	1308	1346	1376
Auke	+26	+41	+38	+30

Talet for 2021 er sist berekna den 9.2.2021

Det er stor byggjeaktivitet av fritidsbustader/hytter i Valle kommune. Dei to siste åra har der vore ei auke på om lag 40 nybygde hytter årleg. Dei fleste hyttene blir bygd i Brokke, men byggjeaktiviteten på Bjørnevatn har og tatt seg opp den seinare tid. Det ser ut til å kunne bli bygd eit større antal hytter i 2021 enn det blei gjort i 2020.

Sentrale kapittel

Årsmeldinga knyt kommentarar og vurderingar til rekneskapen og drifta gjennom året som har gått og gir dessutan informasjon om økonomien og drift i dei ulike einingane, dette framgår av omtale gitt for rammeområda der også omtale om sjukefråvær og utfordringar vert gitt i tillegg til omtale av økonomi i einingane

Totaloversikt økonomi – Bevilgningsoversikt drift, § 5-4

	Note	Regnskap	Regulert	Opprinnelig	Regnskap	Avvik mot regulert bud.	
		2020	budsjett	budsjett	2019	Beløp	Forbr. %
1 Rammetilskudd		-44 216 809	-43 795 000	-44 668 000	-41 454 295	-421 809	100,96 %
2 Inntekts- og formuesskatt		-34 218 351	-36 921 000	-32 368 000	-32 461 049	2 702 649	92,68 %
3 Eiendomsskatt		-33 161 372	-28 189 000	-28 189 000	-28 229 796	-4 972 372	117,64 %
4 Andre generelle driftsinntekter		-30 243 878	-26 980 000	-26 980 000	-32 346 897	-3 263 878	112,10 %
5 Sum generelle driftsinntekter		-141 840 410	-135 885 000	-132 205 000	-134 492 037	-5 955 410	104,38 %
6 Sum bevilgninger drift, netto		123 537 503	134 177 550	129 377 550	123 905 916	-10 640 047	92,07 %
7 Avskrivninger	4	11 989 111	2 294 000	2 294 000	12 654 034	9 695 111	522,63 %
8 Sum netto driftsutgifter		135 526 614	136 471 550	131 671 550	136 559 950	-944 936	99,31 %
9 Brutto driftsresultat		-6 313 796	586 550	-533 450	2 067 912	-6 900 346	-1076,43 %
10 Renteinntekter		-840 341	-789 000	-789 000	-992 026	-51 341	106,51 %
11 Utbytter		-7 069 683	-6 800 000	-6 800 000	-6 914 124	-269 683	103,97 %
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler		0	0	0	0	0	#DIV/0!
13 Renteutgifter		2 450 094	2 900 000	3 500 000	3 386 658	-449 906	84,49 %
14 Avdrag på lån	6	9 578 047	6 500 000	6 500 000	12 456 257	3 078 047	147,35 %
15 Netto finansutgifter		4 118 117	1 811 000	2 411 000	7 936 764	2 307 117	227,39 %
16 Motpost avskrivninger		-11 989 111	-2 300 000	-2 300 000	-12 654 034	-9 689 111	521,27 %
17 Netto driftsresultat		-14 184 790	97 550	-422 450	-2 649 357	-14 282 340	-14541,05 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
18 Overføring til investering		3 376 982	0	0	0	3 376 982	#DIV/0!
19 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	9	3 800 451	472 350	472 350	4 706 968	3 328 101	804,58 %
20 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		8 569 745	992 489	-49 900	4 646 065	7 577 256	863,46 %
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-1 562 388	-1 562 389	0	-6 703 675	1	100,00 %
21 Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0	0	#DIV/0!
22 Sum disponering eller dekning av netto driftsresultat		14 184 790	-97 550	422 450	2 649 358	14 282 340	-14541,05 %

Sum generelle driftsinntekter og sum netto driftsutgifter er kommentert under Sentrale inntekter og Sentrale utgifter seinare i kapitlet. Kommenterar til bevilgningskjema § 5-4, 1. jf referanse til punktnummer i skjema:

18. Overføring til investering kr 3 376 982. Kr 585 179 gjelder finansiering av eigenkapitalinnskot i KLP ført i investeringsrekneskapen, finansiert ved bruk av disposisjonsfond. Budsjettert bruk av disposisjonsfond i investeringsrekneskapen. Overføring til investering kr 2 791 803, finansiert av bunde driftsfond – kalkingsanlegg og kalkdosèrer – budsjettert bruk i investeringsrekneskapen.

19. Samla avsetning til bundne fond kr 19 622 835, her inngår avsetning til sjølvkostfond med kr 1 689 080, øymerka statstilskot kr 3 862 860, næringsfond kr 14 030 895 og gavefond kr 40 000. Samla bruk av bundne fond kr 15 822 384, der kr 4 125 725 er øymerka statstilskot og kr 11 696 659 er næringsfond.

Rammevilkår og driftsføresetnadar

Rammevilkåra for budsjett 2020 framgår av statsbudsjettet for 2020. Forventa løns- og prisvekst (deflator) på 3,1 % låg til grunn i budsjettet. Skattevekst på 3,0 % for landet og 1,9 % for Valle låg til grunn.

Budsjettregulering er føretatt i sak 80/20 der driftsramma vart auka med kr 520 000 finansiert ved bruk av disposisjonsfond. Rammetilskot/Skattar vart i denne budsjettreguleringa vurdert med grunnlag i justerte tal frå KS for skattevekst i landet på 0,6 % og Valle på 4,7 % pr. august 2020 som vart lagt til grunn, inntektsutjamninga er då inntatt. Netto anslag for auke i rammeoverføringar og skatteauke på 3,680 mill. kroner då lagt inn i prognosen. 2,039 mill. kroner frå overføringar knytt til Covid-19 pandemien. Her inngjekk også ekstra skjøn 0,263 mill. kroner, utsatt overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen 0,219 mill. kroner og generelle bevillingar knytt til pandemien på 1,557 mill. kroner.

Budsjettregulering for investeringar vart gjort i sak 101/20 med ein reduksjon i brutto investeringsramme på 8,105 mill. kroner fordelt på ulike investeringsprosjekt som synte seg ikkje ville la seg gjennomføra av ulike årsaker i 2020. Fleire av investeringsprosjekta er overførte til økonomiplanen for 2021-2024.

Valle kommune har gjennom 2020 rapportert til Statsforvalteren i Agder over meirutgifter knytt til koronautbrot og smitteverntiltak. Desse rapporteringane har vore grunnlag for ekstra tildeling av skjønnsmidler gjennom to omgangar i 2020, der Valle kun fekk tildeling ved første utdeling med kr 70 000.

Pålegg om nedstrenging av SFO og barnehagar i mars/april 2020 vart kompensert frå staten for tapt inntekt frå foreldrebetaling med tilsaman kr 181 000, er inntektført i drift for SFO og barnehage.

Reduksjon i arbeidsgjevaravgifta med 4 % for perioden mai-juni var ein tiltakspakke frå regjeringa grunna pandemien med reduksjon i avgifta på 0,7 mill. kroner for Valle kommune.

Valle kommune fekk kommunalt tilskot til vedlikehald og rehabilitering av kommunal infrastruktur etter gitte kriterier, koronatiltak for å motverke arbeidsløyse og skape aktivitet i bygge- og anleggsbransjen, fase 3, med kr 500 000. Midla vart nytta til investering i nytt ventilasjonsanlegg i kommunehuset.

Årsmelding 2020

Valle kommune fekk tilskot på kr 823 000 til Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling, øyremerka tilskot til kommunale næringsfond. Midla skulle setje kommunane i stand til å leggja til rette for auka aktivitet sysselsetjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensiale som følgje av pandemien. Midla er tildelte søkjarar etter tilsagn, vert utbetalte i 2021, og avsatte på bunde fond pr. 31.12.2020.

I 2020 gjennomførte BDO ein tenestegjennomgang på bestiling frå Valle kommune (sak 6/20). I denne tenestegjennomgangen, som tok utgangspunkt i kostratal, fekk ein fram og belyst dei områda der Valle kommune har større avvik i høve til samanliknbare kommunar for å kunne gjer innsparing i høve til kostnadsnivå. Funn som vart gjort i rapporten er i veldig stor grad samanfallande med dei vurderingar og dei økonomiske grep som vart gjort i økonomiplan for 2020-2023 for å få ei vridning i budsjettrammene i tråd med den demografiske utvikling og dei behov ein såg vil koma i tida framover. Den demografiske utviklinga går i retning av ein moderat til låg befolkningsvekst med færre barn i barnehage og skule og fleire eldre. Tiltak som vart lagt inn i økonomiplan for 2020-2023 har den vridninga. Ein finn driftstiltaka spesifikt nemnde under rammeområde Barnehage og Skule under omtalen frå einingane. Dette er tiltak som er med på å justera driftsnivå i tråd med aktiviteten på rammeområda. I tillegg avdekkja tenestegjennomgangen at der er eit potensiale for strukturelle endringar med moglegheit for nye driftsløysingar innen Pleie- og omsorgstenester der ein særleg må ha fokus på korleis ein innrettar seg i høve til kva type pleie- og omsorgstenester og på kva nivå i omsorgstrappa kommunen skal tilby tenestene, dette er funn ein har gått vidare med i økonomiplan for 2021-2024. Fokuset på driftstilpassing basert på demografisk utvikling og analysar vert vidareført.

Driftsrekneskapen for 2020

Rekneskapen for 2020 syner eit mindreforbruk før strykning på kr 8 187 257, herav strykning i bruk av disposisjonsfond kr 1 343 079, gir mindreforbruk etter strykning på kr 6 844 178 – avsatt til disposisjonsfond. Hovudtala skriv seg frå at rammeområda har eit mindreforbruk på omlag 6,1 mill. kroner. Frie inntekter syner meirinntekter på omlag 6 mill. kroner. Netto finansinntekter-/kostnader syner eit meirforbruk på omlag 2,3 mill. kroner.

Netto driftsresultat er på (minus) 14 184 790 og utgjør 6,6 % av brutto driftsinntekter.

Økonomisk oversikt etter art-drift – Bevilgningskjema, § 5-6

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019	Avvik mot regulert bud	
						Beløp	Forbr. %
1 Rammetilskudd		-44 216 809	-43 795 000	-44 668 000	-41 454 295	-421 809	100,96 %
2 Inntekts- og formuesskatt		-34 218 351	-36 921 000	-32 368 000	-32 461 049	2 702 649	92,68 %
3 Eiendomsskatt		-33 161 372	-28 189 000	-28 189 000	-28 229 796	-4 972 372	117,64 %
4 Andre skatteinntekter		-28 015 218	-25 000 000	-25 000 000	-28 500 060	-3 015 218	112,06 %
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten		-2 494 660	-2 850 000	-2 850 000	-4 228 837	355 340	87,53 %
6 Overføringer og tilskudd fra andre		-48 034 647	-31 817 531	-40 440 731	-43 713 417	-16 217 116	150,97 %
7 Brukerbetaling		-5 068 520	-3 702 000	-3 702 000	-4 589 465	-1 366 520	136,91 %
8 Salgs- og leieinntekter		-18 457 920	-15 269 238	-15 435 038	-21 981 206	-3 188 682	120,88 %
9 Sum driftsinntekter		-213 667 496	-187 543 769	-192 652 769	-205 158 125	-26 123 727	113,93 %
10 Lønnsutgifter	2	90 105 366	88 502 107	82 723 416	90 639 698	1 603 259	101,81 %
11 Sosiale utgifter	3	19 443 061	19 079 414	19 557 566	20 817 979	363 647	101,91 %
12 Kjøp av varer og tjenester		66 543 275	67 176 598	65 225 176	64 207 185	-633 323	99,06 %
13 Overføringer og tilskudd til andre		19 272 889	11 078 200	22 319 161	18 907 143	8 194 689	173,97 %
14 Avskrivninger	4	11 989 111	2 294 000	2 294 000	12 654 034	9 695 111	522,63 %
15 Sum driftsutgifter		207 353 701	188 130 319	192 119 319	207 226 039	19 223 382	110,22 %
16 Brutto driftsresultat		-6 313 795	586 550	-533 450	2 067 913	-6 900 345	-1076,43 %
17 Renteinntekter		-840 341	-789 000	-789 000	-992 026	-51 341	106,51 %
18 Utbytter		-7 069 683	-6 800 000	-6 800 000	-6 914 124	-269 683	103,97 %
19 Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler		0	0	0	0	0	#DIV/0!
20 Renteutgifter		2 450 094	2 900 000	3 500 000	3 386 658	-449 906	84,49 %
21 Avdrag på lån		9 578 047	6 500 000	6 500 000	12 456 257	3 078 047	147,35 %
22 Netto finansutgifter		4 118 117	1 811 000	2 411 000	7 936 764	2 307 117	227,39 %
23 Motpost avskrivninger		-11 989 111	-2 300 000	-2 300 000	-12 654 034	-9 689 111	521,27 %
24 Netto driftsresultat		-14 184 790	97 550	-422 450	-2 649 356	-14 282 340	-14541,05 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
25 Overføring til investering		3 376 982	0	0	0	3 376 982	#DIV/0!
26 Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	9	3 800 451	472 350	472 350	4 706 968	3 328 101	804,58 %
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		8 569 745	992 489	-49 900	4 646 064	7 577 256	863,46 %
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk		-1 562 388	-1 562 389	0	-6 703 675	1	100,00 %
28 Dekning av tidligere års merforbruk		0	0	0	0	0	#DIV/0!
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat		14 184 790	-97 550	422 450	2 649 357	14 282 340	-14541,05 %
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)		0	0	0	0	0	#DIV/0!

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Regnskap 2020	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskudd	-41 454	-44 668	-43 795	-44 217	421
Inntekts- og formuesskatt	-32 461	-32 368	-36 921	-34 218	-2 703
Eiendomsskatt	-28 230	-28 189	-28 189	-33 161	4 972
Andre generelle driftsinntekter	-32 347	-26 980	-26 980	-30 244	3 264
Sum Frie disponible inntekter	-134 492	-132 205	-135 885	-141 840	5 954

Valle kommune har mottatt 0,7 mill. kroner meir i rammetilskot enn budsjettert. Inntekts- og formuesskatten er 2,7 mill. kroner under budsjett. For eigedomsskatten syner rekneskaperen ei meirinntekt på omlag 4,9 mill. kroner over budsjett. Fakturering/avrekning mellom Valle kommune og Sirdal kommune for eigedomsskatt utskriven til Agder energi vannkraft AS var ved ein feil ikkje blitt justert inn i prognose for eigedomsskatt for 2020. Andre driftsinntekter i tabellen, som inngår i frie inntekter, er konsesjonsavgift med omlag 1,3 mill. kroner over budsjett, integreringstilskot for

Årsmelding 2020

flyktningar med omlag 0,2 mill. kroner meir enn budsetttert, rentekompensasjon til skulebygg og pleie- og omsorgssektoren gitt med årleg tilskot som er omtrent som budsjettert og naturressursskatten med meirinntekt på omlag 1,7 mill. kroner meir enn budsjettert.

Samla ligg dei frie disponible inntektene for Valle kommune omlag 5,9 mill. kroner over budsjett.

Sentrale utgifter

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud.	Rev. bud. 2020	Regnskap 2020	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-992	-789	-789	-840	51
Utbytter	-6 914	-6 800	-6 800	-7 070	270
Renteutgifter	3 386	3 500	2 900	2 450	449
Avdrag på lån	12 456	6 500	6 500	9 578	-3 078
Sum Finansinntekter/-utgifter	7 936	2 411	1 811	4 118	-2 308

Finansinntekter og finansutgifter syner eit negativt avvik i høve til budsjett på 2,3 mill. kroner. I budsjettet var det lagt til grunn ei justering av avdragstid på langsiktig gjeld som ikkje fullt gjennomført. Renteutgiftene vart lågare enn budsjettert, dette skuldast kraftig rentefall gjennom året grunna covid-19. Utbytte frå Setesdal Bilruter og Agder Energi AS vart omlag 0,3 mill. høgare enn budsjettert.

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Regnskap 2019	Oppr. bud.	Rev. bud.	Regnskap 2020
Bruk av avsetninger				
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-6 704	0	-1 562	-1 562
Bruk av disposisjonsfond	-3 620	-238	-758	0
Bruk av bundne driftsfond	-12 505	-12 134	-12 134	-15 822
Sum bruk av avsetninger	-22 829	-12 372	-14 454	-17 384
Avsetninger				
Overført til investering	0	0	0	3 377
Avsatt til disposisjonsfond	6 704	188	1 750	8 569
Avsatt til bundne driftsfond	17 212	12 606	12 606	19 623
Sum avsetninger	23 916	12 794	14 357	31 569
Netto driftsresultat	-2 649	-422	98	-14 185
Sum driftsinntekter	-200 756	-192 175	-187 232	-213 667
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,3 %	0,2 %	-0,1 %	6,6 %

Kommunen sin finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnadar kommunen har for å kunne gje eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Valle kommune har satt tre indikatorar for å uttrykke kva økonomisk handlekraft, gjennom økonomiske måltal, kommunen har:

Årsmelding 2020

- Netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2 %.
- Forsvarleg nivå på lånegjeld (i prosent av brutto driftsinntekter).
- Disposisjonsfond på omlag 20 mill. kroner.

Rekneskaper for 2020 syner eit netto driftsresultat på 6,6 % som er godt over målet som er satt på minst 2 %. Disposisjonsfondet har netto auka med omlag 8,5 mill. kroner. Nivået på disposisjonsfondet ved utgangen av 2020, utan å hensynta vedtatt bruk og avsetningar til disposisjonsfondet i budsjettet for 2021, på omtrent 19,5 mill. kroner, altså like oppunder indikatoren som er satt for eit disposisjonsfond på minst 20 mill. kroner.

Forsvarleg nivå er ikkje nærare definert i dei økonomiske måltala, men samanlikna med kostragruppe 6 som Valle tilhøyrer, vil ein sjå at om ein måler netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter kjem Valle ut på 60,6 % mot 80,4 % som gjennomsnitt i kostragruppa. Det gir ikkje svar på graden av forsvarlegheit, men gir i alle fall eit signal på at Valle ligg godt under gjennomsnittet i kostragruppa, noko som er positiv.

Status investering og finansiering (2A) – bevilgningsoversikt investering, § 5-5

	Note	Regnskap 2020	Regulert budsjett	Opprinnelig budsjett	Regnskap 2019	Avvik mot regulert bud	
						Beløp	Forbr. %
1 Investeringer i varige driftsmidler	4, 12	19 483 787	21 900 000	29 380 000	15 496 103	-2 416 213	88,97 %
2 Tilskudd til andres investeringer		250 000	250 000	250 000	250 000	0	100,00 %
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	5	585 179	610 000	610 000	600 694	-24 821	95,93 %
4 Utlån av egne midler	10	0	2 000 000	2 000 000	2 130 000	-2 000 000	0,00 %
5 Avdrag på lån	6	737 189	0	0	658 659	737 189	#DIV/0!
6 Sum investeringsutgifter		21 056 155	24 760 000	32 240 000	19 135 456	-3 703 845	85,04 %
7 Kompensasjon for merverdiavgift		-2 811 755	-3 144 000	-4 200 000	-1 539 726	332 245	89,43 %
8 Tilskudd fra andre	13	-2 538 012	-500 000	0	-2 041 205	-2 038 012	507,60 %
9 Salg av varige driftsmidler		-3 510 000	0	0	-2 725 000	-3 510 000	#DIV/0!
10 Salg av finansielle anleggsmidler		0	0	0	-400	0	#DIV/0!
11 Utdeling fra selskaper		0	0	0	0	0	#DIV/0!
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler		-1 222 780	0	0	-376 467	-1 222 780	#DIV/0!
13 Bruk av lån		-8 010 931	-17 306 000	-24 230 000	-11 365 341	9 295 069	46,29 %
14 Sum investeringsinntekter		-18 093 477	-20 950 000	-28 430 000	-18 048 139	2 856 523	86,37 %
15 Videreutlån	10	0	0	0	0	0	#DIV/0!
16 Bruk av lån til videreutlån		0	0	0	0	0	#DIV/0!
17 Avdrag på lån til videreutlån		0	0	0	0	0	#DIV/0!
18 Mottatte avdrag på videreutlån		0	0	0	0	0	#DIV/0!
19 Netto utgifter videreutlån		0	0	0	0	0	#DIV/0!
20 Overføring fra drift		-3 376 982	0	0	0	-3 376 982	#DIV/0!
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	9	414 305	-3 200 000	-3 200 000	-10 004	3 614 305	-12,95 %
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond		0	-610 000	-610 000	-6 075 447	610 000	0,00 %
Bruk av tidligere års udiskonert		0	0	0	0	0	#DIV/0!
23 Dekning av tidligere års udekket beløp		0	0	0	4 998 134	0	#DIV/0!
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger		-2 962 677	-3 810 000	-3 810 000	-1 087 318	847 323	77,76 %
25 Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)		0	0	0	0	0	#DIV/0!

Kommentarar til tabell:

2. Tilskot til andres investering er tilskot til Valle kyrkje knytt til rehabilitering på gravplass.
3. Investeringar i aksjer er kapitaltilskotet i KLP.
5. Avdrag på lån er avdrag på lån til utlån – startlån.
8. Tilskot frå andre er spelemidler med kr 1 794 875, refusjon frå Otra Kraft etter avtale kr 74 556 og forsikringsoppgjør i samband med brann i søppelbu ved Bjørnevattn kr 170 380.
9. Sal av varige driftsmidler er sal av kommunale bustadar og tomteareal.
13. Bruk av lån kr 8 010 931 til finansiering av driftsmidler.

Årsmelding 2020

1. Investeringer i varige driftsmidler – Bevilgningsoversikt investering § 5-5

	Regnskap	Regulert	Opprinnelig	Regnskap	Avvik mot regulert bud.	
	2020	budsjett	budsjett	2019	Beløp	Forbr. %
Investeringer i varige driftsmidler						
248 Finansiell leasing kontormaskiner	0	0	0	481 341	0	
2005 Ombygging Valle kommunehus 2020	1 692 555	1 500 000	1 500 000	448	192 555	112,84 %
2019 Valle kommunehus - ventilasjonsanlegg 20	622 750	625 000	0	0	-2 250	99,64 %
2501 Nye lysarmatur Hylestad barnehage	0	100 000	100 000	0	-100 000	0,00 %
2502 Ombygging Valle skule/SFO 2019	0	0	0	1 423 921	0	#DIV/0!
3015 Valle skule - varmpumpe	0	0	0	205 375	0	#DIV/0!
3016 Solavskjerming - Valle skule	497 458	350 000	350 000	0	147 458	142,13 %
3501 Oppgradering laboratorium Valle legekonto	26 196	200 000	200 000	140 310	-173 804	13,10 %
4007 Sjukesignalanlegg PLO	647 667	400 000	400 000	0	247 667	161,92 %
414 Velferdsteknologi PLO	0	150 000	150 000	0	-150 000	0,00 %
4009 Valle bygdeheim - rep/ny heis	251 250	750 000	750 000	0	-498 750	33,50 %
4011 Bygdeheimen- ventilasjon sør, nytt	0	0	0	1 567 919	0	#DIV/0!
5501 Sjøppelbu Furustøyl (Kvisle)	206 869	200 000	200 000	0	6 869	103,43 %
5502 Lekkasje- og kontrollutstyr VA	133 968	150 000	150 000	0	-16 032	89,31 %
5504 Sjøppelbu Bjørnevattn	30 246	0	0	190 134	30 246	#DIV/0!
560 Valle reinseanlegg (550)	186 392	500 000	500 000		-313 608	37,28 %
563 Brokke reinseanlegg - biorotor	0	200 000	200 000	0	-200 000	0,00 %
579 Kloakkledning Rysstad nord	1 240 264	1 500 000	1 500 000		-259 736	82,68 %
5801 Arbeidsbil - teknisk	201 294	200 000	200 000	119 000	1 294	100,65 %
6000 Kalkingsanlegg og kalkdosører	3 472 711	4 000 000	4 000 000	89 631	-527 289	86,82 %
6005 Kloakkanlegg Nomeland	2 286 929	2 375 000	1 500 000	0	-88 071	96,29 %
6503 Oppgradering toalettanlegg Valle kulursent	0	0	0	283 292	0	#DIV/0!
6508 Meirope bibliotek - Sæbyggjen	0	0	0	231 195	0	#DIV/0!
668 Kyrkjestoge/bibliotek	602 740	600 000	0	150 930	2 740	100,46 %
722 Oppgradering Hylestad soknehus	0	0	0	177 570	0	#DIV/0!
7201 Hylestad soknehus - ferdigstille oppgraderi	348 340	280 000	280 000		68 340	124,41 %
724 Valle samfunnshus - oppgraderer Storstoga	170 363	120 000	0	0	50 363	141,97 %
751 Valle sentrum oppgradering/utvikling	0	0	0	320 037	0	#DIV/0!
7502 Saksutgreiing gang- og sykkelveg Bestelan	0	150 000	150 000	0	-150 000	0,00 %
7602 Volkswagen Caddy PX 61618	0	0	0	145 000	0	#DIV/0!
779 Pause- og leikeplass Rysstad	0	0	0	62 475	0	#DIV/0!
7803 Klatrevegg Vallehallen	0	0	2 000 000	0	0	#DIV/0!
7804 Områderegulering Rysstad sentrum	0	700 000	700 000	0	-700 000	0,00 %
7806 Vegljøs Harstadvegen	680 113	550 000	550 000	0	130 113	123,66 %
7808 Ramme - utvikling Valle sentrum	0	600 000	600 000	0	-600 000	0,00 %
810 Utvide Leite bustadfelt	191 556	200 000	1 500 000	171 808	-8 444	95,78 %
819 Kjøp av leilighet	0	0	0	2 017 275	0	#DIV/0!
832 Sal av kommunal bustad	0	0	0	82 175	0	#DIV/0!
833 Omsorgsleilegheiter i Bygdeheimen mot nor	0	0	500 000	0	0	#DIV/0!
885 Garaske løypemaskin - Bjørnevattn	621 510	500 000	500 000		121 510	124,30 %
8905 Rulleskøyte Brokke (kommunal)	528 872	500 000	8 000 000	724 409	28 872	105,77 %
9002 Valle brannstasjon	0	0	0	6 604 778	0	#DIV/0!
904 Hylestad brannstasjon Rysstad	4 610 894	4 500 000	2 900 000	306 940	110 894	102,46 %
835 Tomtesal	2 420	0	0	0	2 420	#DIV/0!
832 Sal av kommunale bustadar	230 428	0	0	0	230 428	#DIV/0!
Tilskudd til andres investeringer					0	#DIV/0!
704 Investeringstilskot - Valle kyrkje	250 000	250 000	250 000	250 000	0	100,00 %
					0	#DIV/0!
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper					0	#DIV/0!
232 Eigenkapitalinnskot KLP	585 179	610 000	610 000	600 694	-24 821	95,93 %
					0	#DIV/0!
Utlån av egne midler					0	#DIV/0!
980 Startlån	0	2 000 000	2 000 000	2 130 000	-2 000 000	0,00 %
Sum fordelt	20 318 966	24 760 000	32 240 000	18 476 657	-4 441 034	82,06 %

Kommentar til tabell – Bevilgningsoversikt investeringar:

- Prosjekt 2501 Nye lysarmatur Hylestad barnehage og prosjekt 563 Brokke reinseanlegg – biorobot er ikkje gjennomført grunna nye vurderingar av prosjekta.

Årsmelding 2020

- Prosjekt 4007 Sjuke-signalanlegg PLO og prosjekt 414 Velferdsteknologi PLO må sjåast i samanheng.
- Prosjekt 4009 Valle bygdeheim – ny/rep heis er ikkje ferdigstilt. Vidareført i investeringsbudsjettet for 2021.
- Prosjekt 5503 Sjøppelbu Bjørnevatn er restfaktura for investeringsprosjekt gjennomført i 2019.
- Prosjekt 7502 Saksutgreiing gang- og sykkelveg Besteland-Fjellskaråne, prosjekt 7808 Ramme – utvikling Valle sentrum og prosjekt 7804 Områderegulering Rysstad sentrum er prosjekt vurderte til ikkje å vera kostnader som inngår i investeringsrekneskapen. Kostnadane i prosjekt er førte i rekneskapen under drift på rammeområde Teknisk.
- Prosjekt 835 Tomtesal og prosjekt 832 Sal av kommunale bustadar gjeld kostnader knytt til sal av tomt og kommunale bustadar.
- Prosjekt 980 Startlån – der er ikkje yt startlån i 2020.

Nokre av prosjekta går over fleire år og vert vidareførte i økonomiplan for 2021-2024; her kan nemnast prosjekt 8905 Rulleskiløype Brokke, prosjekt 6000 Kalkingsanlegg og kalkdosører og prosjekt 6005 Kloakkanlegg Nomeland. Prosjekt 833 Omsorgsleilegheiter i Bygdeheimen mot nord var planlagt med prosjektering i 2020, men er utsatt til 2021 med planlagt investering i 2022.

Totaloversikt drift - fordelt på rammeområder

Beløp i 1000

Tenesteområder	Rekneskap 2020	Oppr. budsjett 2020	Budsjett 2020	Regnskap 2019	Avvik	Avvik i %
Politisk styring	2 844	2 782	2 782	3 351	-63	-2,3 %
Rådmannen	1 541	2 081	2 081	1 644	539	25,9 %
Næring	4 628	6 243	5 643	3 450	1 015	18,0 %
Kultur, bibliotek	4 961	4 790	4 790	5 184	-184	-3,8 %
Personal	1 106	1 757	1 257	1 464	149	11,9 %
IKT	2 093	2 831	2 831	2 169	737	26,0 %
Økonomiavdelinga	9 671	11 015	10 015	9 178	343	2,7 %
SVR	0	0	0	0	0	0,0 %
Velkomstsenter	3 168	3 373	3 373	3 249	175	5,2 %
Interkommunalt PPT	775	799	799	800	24	3,0 %
Interkommunalt barnevern	1 437	1 989	1 989	1 671	552	27,8 %
Skule	18 975	20 220	20 120	17 981	1 144	5,7 %
Barnehage	7 895	7 927	8 327	7 777	431	5,2 %
Felles skule	817	1 086	1 086	5 471	269	24,8 %
Helseavdelinga	13 047	12 473	13 073	12 129	25	0,2 %
NAV	3 965	2 434	2 434	4 731	-1 532	-62,9 %
Pleie og omsorg	38 317	32 744	38 744	36 016	416	1,1 %
Teknisk	27 481	25 695	25 695	25 833	-1 806	-7,0 %
Div pensjon - premieavvik m.m.	-1 131	-1 400	-1 400	-3 459	-269	-19,2 %
Konsesjonskraft	-9 227	-9 227	-9 227	-8 789	0	0,0 %
Momskompensasjon	-4 334	0	0	-5 184	4 334	0,0 %
Skattar, avgifter, rammetilskot mm	-157	0	0	-211	157	0,0 %
Sum	127 795	129 112	133 912	124 278	6 117	4,6 %

Avvik mellom rekneskap og regulert budsjett for dei ulike rammeområda utgjør tilsaman eit mindreforbruk på omlag 6,1 mill. kroner. Dei rammeområda med størst avvik mellom rekneskap og budsjett vert kommentert her.

Rammeområde 20: Rådmannen

Mindreforbruk på omlag 0,5 mill. kroner som skriv seg frå avvik på kostnader knytt til servicepensjon på

omlag 0,4 mill. kroner og omlag 0,1 mill. kroner i mindreforbruk grunna redusert aktivitet for kurs/reiser med bakgrunn i Covid-19 og restriksjonar

Rammeområde: 22 Næring

Mindreforbruk på omlag 1 mill. kroner skuldast i hovudsak vakanse i stilling deler av året med ei innsparing på omlag kr 350 000, i tillegg kjem refusjon av sjukepengar som inntekt. Samla er der yt omlag 0,6 mill. kroner mindre i tilskot til offentlege og private, der tilskotet "tomme stolar" til Fylkeskommunen er på omlag kr 180 000 lågare enn budsjettet.

Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling - øyemerka til kommunale næringsfond, krisepakke fase 3 tildelte Valle kr 823 000, løyvde etter søknad, men vert utbetalt i 2021. Midlar er avsatt på fond.

Rammeområde 32: IKT

Ansvar 3200 IKT syner eit mindreforbruk på vel 0,7 mill. kroner. Samla kostnad til IKT Setesdal er på omlag 2,9 mill. kroner, som er i tråd med budsjett. Forklaringa til avviket som kjem fram under dette ansvaret er at omlag 0,7 mill. kroner er ført i rekneskapen på andre ansvar i organisasjonen

Rammeområde 37: Interkommunalt PPT og Barnevern

Valle sin del av barnevernsamarbeidet syner eit mindreforbruk på vel 0,5 mill. kroner. Dette skriv seg frå den delen av samarbeidet som gjeld indirekte kostnader gjennom barnevernstenesten vert fordelt mellom kommunane i vertkommunesamarbeidet basert på antall barn under 18 år og mindreforbruk i høve til budsjett knytt til tiltak i heimen.

Avvik mellom budsjett og rekneskap som gjeld Bygland og Bykle er dekkja inn gjennom refusjon i rekneskapen og påverkar ikkje mindreforbruket i Valle

Valle din del av PPT samarbeidet syner eit rekneskap i tråd med budsjett.

Rammeområde 51: Oppvekst

Rammeområde Oppvekst omhandlar skuledrift, barnehagedrift og den administrative stillinga som skulefagleg ansvarleg og barnehagemynde (Felles skule). Oppvekst samla har eit mindreforbruk på omlag 2 mill. kroner.

Valle skule har hatt ei drift med preg av permisjonar og sjukefråvær, moderat bruk av vikarar og inntekter frå refusjon ved sjukefråvær gjennom nav. Refusjon gjennom gjesteelevordningar har vore høgare enn budsjettet.

Covid nedstenging medførte forlenging av introduksjonsprogrammet for flyktningar samstundes som behovet for spesialundervisning for vaksne blei redusert. Her har vore mindreforbruk på lønsutgifter og refusjon av foreldrepengar frå nav.

Valle barnehage og Hylestad barnehage har eit mindreforbruk på omlag 0,4 mill kroner. Ein av forklaringane på dette er at kommunen nå får refusjon frå nabokommuner dersom dei har barn som har barnehageplass i Valle kommune. Bygland kommune og Bykle kommune har samla betalt refusjon på kr 193 000,-. Ein anna årsak er at siste halvår frå august 2020 blei det ikkje søkt om så mange redusert foreldrebetaling som første halvår, altså ei høgare foreldrebetaling enn forutsatt.

Felles skule har hatt eit mindreforbruk på omlag kr 270 000 grunna mindre aktivitet i form av reiser og møteverksemd i kombinasjon med at skulefagleg ansvarleg i fråvær av leiar i barnevern og fagansvarleg

personal har bistått desse einingane og deler av løna er belasta rekneskapen på desse einingane deler av året.

Rammeområde 55: NAV

NAV si drift, slik det går fram av rekneskapen for tenesteområde, omhandlar Valle sin del av vertskommunesamarbeidet i NAV Midt-Agder og drift av flyktningtenesta i Valle. Samla har drift av desse tenestane eit meirforbruk på omlag 1,5 mill. kroner.

Av dette har NAV Midt-Agder, sosialtenesta, råd og veiledning eit meirforbruk på omlag 0,7 mill. kroner. Då budsjettet for vertkommunesamarbeidet vart lagt var fleire tilhøve kring dei økonomiske føresetnadane ikkje avklåra. Deltaking i Folkehelseprosjekt *Nye mønstre - trygg oppvekst* der lønskostnader, finansiert av tilskotsmidlar, vart avslutta i starten av 2020 som følge av manglande tilfang av eigna saker til prosjektet. Dette har betydeleg innverknad på økonomien, då ei halv stilling låg finansiert gjennom prosjektet. Vidare utover i 2020 fekk Covid-19 pandemien sine verknader i høve til auka ledighet og auka behov for sosiale ytingar. 2020 har vore eit etableringsår for ny driftsform med den uvisse som har vore sett i høve til kostnader for drifta.

Drift av flyktningtenesta inngår ikkje i samarbeidet med NAV Midt-Agder. I budsjettet for 2020 låg til grunn at alle deltakarane i introduksjonsprogrammet ville vera ferdige i programmet sommaren 2020. Ein kombinasjon av forseinking og hindring av framdrift i programmet som følge av pandemien og individuell trong for forlenging av programmet gjorde til at drifta av introduksjonsprogrammet har fortsatt heile 2020 med dei meirkostnadar dette har ført til

Rammeområde 57: Teknisk drift

Samla syner rekneskapen for drift av kommunale vegar, parkeringsplassar, vegljøs og sentrumsområder i Valle og Rysstad eit meirforbruk på omlag 1,3 mill. kroner. I budsjettet for 2020 vart det lagt opp til at prosjekt 7804 Områderegulering Rysstad sentrum og prosjekt 7808 Ramme utvikling Valle sentrum var investeringsprosjekter. Slik innhaldet i prosjekta utvikla seg synte det seg at kostnader ført på prosjekta var å ansjå som driftskostnadar og måtte av den grunn først i drift og ikkje i investering. Samla utgjer dette omlag kr 400 000 som ikkje var budsjetterte i drift. I tillegg kom også kostnad på omlag kr 170 000 frå investering til drift på kommunale vegar (prosjektering g/s veg Helle-Rysstadmo). Teknisk drift som omfattar byggvedlikehald, kyrkjegardar, parkar mm hadde eit mindreforbruk på omlag 0,6 mill. kroner. Hovudgrunnen er at driftskostnadane på vel 0,4 mill. kroner til drift av kyrkjegardar er overført til ansvar 3350 Kyrkja og andre trussamfunn.

Rammeområde 58: Teknisk forvaltning

Teknisk forvaltning har eit meirforbruk på omlag 0,6 mill. kroner. Meirforbruk på omlag 0,6 mill. kroner som tilsvarar kommunalt jordbrukstilskot utbetalt, men som ved eit feil ikkje var budsjettert

Refusjon frå Staten og utgifter til Valle fiskeadministrasjon for kalking samsvarer ikkje fullt og heilt. Her kjem fram eit meirforbruk på omlag kr 240 000, der momskompensasjon, ført på ansvar 7000, utgjør omlag kr 90 000 av beløpet.

Utgifter til løn og godtgjersle (Sak 35/2020 frå formannskapet) i tillegg til innkjøp av ny fallvilthengar for viltskjøtsel det ikkje var budsjettert for, i kombinasjon med veldig lågt budsjett fører til meirforbruk på omlag kr 200 000

Rammeområde 70: Momskompensasjon

Momskompensasjon fram til september er ført i rekneskapen på ansvar 7000 Momskompensasjon syner ei inntekt på 4,3 mill. kroner som ikkje er budsjettert. I fortsetjinga ut året er kompensasjonen ført i rekneskapen på kvar eining der kostnadane ved kjøper bokførte.

Meir- og mindreforbruk på rammeområda er gitt nærare forklaring i omtale gitt frå dei ulike einingane i kapitlet Kommunen sine tenesteområder i dokumentet.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,49 %	6,87 %	7,36 %
Årlig sykefravær 2020	0,45 %	5,91 %	6,36 %

Samla sjukefravær, både eigenmeldt og sjukemeldt, i Valle kommune i perioden 2011-2020

2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
6,0	6,8	6,0	7,4	7,32	7,69	5,86	5,98	8,52	6,36

I 2018 hadde Valle kommune det 5. lågaste sjukefraværet i landet samanlikna med kommune Noreg. I 2019 auka sjukefraværet, men låg stadig under landsgjennomsnittet som i 2019 var på 9,83 % i kommunal sektor. Hausten 2019 vedtok arbeidsmiljøutvalet eit måltall på 5 % sjukefravær i verksemda. Dette målet vart ikkje nådd i 2020, men talet har gått ned frå 2019. Hovudsakleg dreiar dette seg om langtidsjukemeldte.

Kommunen meiner auka fokus på nærvær, meir involvering av bedriftshelsetenesta/tillitsvalte/verneombod, og tiltak som møteplassen og Great place to work har positiv effekt på fraværet.

Vi har som ei hovudprioritering innan arbeidsgjevarområdet å redusere det totale sjukefraværet i organisasjonen. Å redusere sjukefraværet er ei viktig målsetting for kommunen. Auka nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og eit betre arbeidsmiljø.

I 2017 formaliserte Valle kommune sjukefraværsoppfylginga ved å ta i bruk «møteplassen» som ein arena for oppfylging av sjukemeldte, og medarbeidarar som står i fare for sjukefravær. I 2020 har det vore gjennomført møter i møteplassen, og dette er ei ordning som vi vil evaluere og vurdere om kan utnyttast enno betre framover.

Kommunen sine tenesteområder

Politisk styring

Skildring av verksemd

Rammeområdet omfattar all politisk verksemd i kommunen, så som godtgjering og løn til politikarar, reiseutgifter i samband med møte osv.

Politisk sekretariat er blitt ivaretatt av leiar for velkomst som også har sekretærfunksjon for alle styre, råd og utval med unntak av arbeidsmiljøutvalet. Frå 2021 vil denne funksjonen bli flytta frå eining Velkomst til rådgjevar direkte underlagt kommunedirektør.

I 2020 var det totalt 51 møter i styre, råd og utval

Målsetting er å ha ein klar rollefordeling mellom folkevalde og administrasjon.

Utfordringar

Utfordringa er å yte god service og handsame politiske saker innanfor tidsfristane, utan å auke møtefrekvensen, og med det få auka utgifter i høve møtegodtgjering og tapt arbeidsforteneste.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 351	2 845	2 782	-63	-2,3 %

Kommentar til status økonomi

Eit samla meirforbruk på omlag kr 62 000 som fordeler seg slik innan dei ulike ansvara:

Kommunestyret:

Overforbruk på kr. 124 965,- skuldast at det ikkje er budsjettert med Pensjon og arbeidsgjevaravgift. I tillegg har det vore meir møtegodtgjering enn budsjettert pga fleire møte enn det som var sett opp i møteplanen.

Formannskapet:

Eit lite mindreforbruk då det er ein ubrukt rest på kr. 30 000,- på tilskotskontoen.

Planutvalet:

Overforbruk på kr. 95 498,- skuldast at det berre var budsjettert med møtegodtgjering og leiargodtgjering. Det vart gjort vedak om å halde fram med 10% løn som ikkje vart funne dekning for under handsaminga. Dette inkluderer også pensjon og arbeidsgjevaravgift som heller ikkje var budsjettert for.

Levekårutvalet:

Overforbruk på kr. 100 911,- skuldast at det berre var budsjettert med møtegodtgjering og leiargodtgjering. Det vart gjort vedtak om å halde fram med 10% løn som ikkje vart funne dekning for under handsaminga. Dette inkluderer også pensjon og arbeidsgjevaravgift som heller ikkje var budsjettert for.

Administrasjonsutvalet:

Eit lite mindreforbruk på kr. 6199,- grunna mindre møteverksemd og servering.

Arbeidsmiljøutvalet:

Mindreforbruk på kr. 30 996,- ubrukt konto for konsulenttenester då bruk av bedriftshelsetenesta er kontert direkte under ansvar personal.

Kontrollutvalet:

Vi får prognose frå Agder sekretariat som grunnlag for budsjett og det går som regel i null.

Eldreråd:

Mindreforbruk på kr. 18194,- pga lite møter, ingen kurs og heller ikkje matsservering.

Ungdomsråd:

Mindreforbruk på kr. 34 208,- pga lite møter, ingen kurs og heller ikkje matsservering. Har heller ikkje bruka av tiltakskontoen dei har på kr.15 000,-

Andre utval:

Meirforbruk på kr. 23 920,- pga at politikarar er flinkare til å sende inn oversikt på møter dei har delteke på. Her ligg regionråd, samarbeidsutval skule og barnehage, valnemnd osv.

Val:

Mindreforbruk på kr. 181 172,- pga at det ikkje var noko valår og lite kurs i Oslo pga koronasituasjonen. Dette mindreforbruket dekker inn mykje av overforbruket på dei andre utvala.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Rådmannen

Skildring av verksemd

Årsmelding 2020

Området omfattar rådmannens oppgåver innan administrasjon av verksemda. Rådmannen er den øvste leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innafor dei rammer kommunestyret fastset.

2020 bar preg av ein aktiv kommune, samtidig som kommunen stod i en pandemi som vi ikkje heilt visste korleis ville påvirke oss framover i tid. Rådmannen har fungert som leiar for kriseleiinga i kommunen. I 2020 har rådmann fungert som leiar for teknisk eining.

Rådmann i Valle er leiar for Rådmannsutvalet i Setesdal og er vald inn i Rådmannutvalet i Agder.

Rådmannen har overordna prioriteringar som skal gi retning for arbeidet i 2021.

Vi skal prioritere å:

- Vidareføre eit godt tenestetilbod innafor ansvarleg økonomiske rammer

- Følgje opp kommuneplanens satsingsområder

- Innarbeide god verksemdstyring og internkontroll

- Følgje opp tenestegjennomgangen frå BDO med:

- Riktig kvalitet på riktig tenester
- Tenesteforbetring og utvikling
- Positivt driftsresultat
- Tydeleggjere leiarane sitt ansvar for styring og kontroll, spesielt knytt til ansvar for fag, personal, økonomi og kvalitet

- Utvikle samhandlingskompetanse og bidra til samhandlingskultur

Leiarar i kommunen skal fremje læring, samhandling, og delingskultur, utnytte handlingsrommet og tilrettelegge for berekraftige løysingar.

Rådmannen har eit særleg ansvar for å bidra i grensesnittet mellom politiske og administrative prosessar. Rådmann og formannskap gjennomfører to samtaler i året etter KS mal for utviklingssamtale mellom folkevalde og rådmann, tilsvarende som rådmann gjer med sine leiarar. Rådmann, ordførar og varaordførar har faste møte. Agenda er fastsett i forkant og referat frå møte er referatsak til kommunestyret.

2100 Beredskap - sjå også under kapitel beredskap

Covid 19 og omfattende nasjonale tiltak førte til at kriseleiing i Valle kommune blei satt 12. mars 2020. Valle kommune har vald å ha kriseleiinga operativ gjennom pandemien. Rådmann har vore leiar for gruppa som har hatt jevnlege møte ein til to ganger i månaden samt etter behov.

I høve tiltak har Valle kommune fulgt nasjonale føringar. Kommunen har rapportert nasjonalt og regionalt og deltatt på nasjonale, regionale og lokale samlingar knytt til covid 19. Kommunen har lagt vekt på god informasjon til tilsette, innbyggjarar, næringsliv og hyttebuarar.

Valle kommune har prioritert smittevern tiltak internt

Kommunen har også prioritert drifts- og investeringstiltak knytt til nasjonale støtte- og tilskotsordningar

Utfordringar

I 2020 har Covid 19 og bemanningssituasjonen blant leiarane vore ein utfordring. Positivt er det at vi i løpet av våren 2021 har samtlege leiarar på plass.

Skal Valle kommune vidareføre eit godt tenestetilbod innafor ansvarleg økonomiske rammer må kommunen yte tenester etter prinsippa "rett teneste til rett kvalitet til rett innbyggjar". Dette gjer at vi må samhandle og arbeide på nye måter. Covid-19 har vist oss at vi kan samle oss om ein felles utfordring, det har gitt oss raskere slutninger og nye steg i samhandlingen. Dette må vi også ta med vidare til ordinær drift og utvikling i tiden fremover.

For å følgje opp politiske mål og ambisjoner på ein heilskapleg måte skal vi fortsette å utvikle verksemdstyringa i kommunen. Vi skal bli betre på å planleggje, gjennomføre og følgje opp frå overordnede planar og føringar til daglege gjeremål og prioriteringar. Verksemdstyringa skal gjere oss i stand til å sjå sammenhenger og styre etter mål og ønskja resultat. I 2021 skal vi ha utarbeidd grunnlag for verksemdstyring i Valle kommune, blant anna styringsdialog, leiaravtale og årshjul.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 644	1 542	2 081	539	25,9 %

Kommentar til status økonomi

Mindreforbruk på omlag 0,5 mill. kroner som skriv seg frå avvik på kostnader knytt til servicepensjon på omlag 0,4 mill. kroner og omlag 0,1 mill. kroner i mindreforbruk grunna redusert aktivitet for kurs/reiser med bakgrunn i Covid-19 og restriksjonar.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Næring

Skildring av verksemd

Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemdar innan kultur og handverk og naturbaserte verksemdar står sterkt. Kommunen skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør- Rogaland). Covid 19-utbrotet har gitt store utfordringar for næringslivet i mange kommunar. Påska 2020 vart krevjande for store deler av næringslivet i kommunen med nedstegning og hytteforbod. Utover våren vart bilete endra med stor aktivitet og mykje besøk til kommunen. Handelsnæringa og overnattingsstader rapporterte om god omsetjing. I 2020 har det vore stor aktivitet med hyttebygging i Brokke. Dette gir positiv ringverknad for heile kommunen.

Årsmelding 2020

Etablering av løype for ruller ski er prioritert tiltak i Brokke. På Rysstad har ein lagt eit godt grunnlag for reguleringsarbeid i sentrum. I 2020 vart arbeid med turløyper vidareført. Dette har vore eit tre-åring prosjekt som vart avslutta ved årskiftet 2020. Oppgåva med turløyper vert vidareført i 2021, men ein vil vurdere i kva form.

Stortinget løyvde sommaren 2020 ekstra Covid midlar til kommunale næringsfond. Av dette fekk Valle kommune kr 823 000 til fordeling lokalt. Midlane skulle setje kommunane i stand til å leggje til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial. Valle kommune inviterte næringslivet til orienteringsmøte om tilskotet og bistod næringa i søknadsprosessen. Kommunen fekk inn 13 søknadar der 10 søknadar kom inn under ordninga.

Tiltaks- og næringsfondet har i 2020 fått 15 søknader om tilskot der 12 søknadar har vorte innvilga. Valle kommune har gitt kr. 487 000 i tilskot frå fondet. For å gje ein meir forutsigbar handsaming av søknader frå tiltaks- og næringsfondet vart vedtekter og retningslinene for fondet revidert desember 2020, med verknad frå 2021.

Funksjon næring har vore ivaretatt av leiar på teknisk. Da det vart endring der, vart funksjonen lagt til Velkomst for å styrke førstelinearbeidet innafør området. Valle kommune har deltatt fast i Næringsnettverket i regi av Setesdal Regionråd.

Utfordringar

Dekke opp området ved fråvær over tid

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 450	4 628	5 643	1 015	18,0 %

Kommentar til status økonomi

Mindreforbruk på omlag 1 mill. kroner skuldast i hovudsak vakanse i stilling deler av året med ei innsparing på omlag kr 350 000. Samla er der ytt omlag 0,6 mill. kroner mindre i tilskot til offentlege og private. Tilskotet "tomme stolar" til Fylkeskommunen er på omlag kr 180 000 lågare enn budsjettert.

Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling - øyremerkte til kommunale næringsfond, krisepakke fase 3 tildelt Valle kr 823 000, løyvde etter søknad, men vert utbetalt i 2021. Midlar er avsatt på fond.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Politisk vedtak							
Tilskot til frisbee bane på Kjeøyne	50	0	50	Ferdig		Utbetalt i tråd med budsjett.	

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
	år 1						
Tilskot til Setesdal Folkehøgskule.	2 000	0	2 000	Ferdig		Utbetalt i tråd med budsjett.	
Sum	2 050	0	2 050				
Sum tiltak	2 050	0	2 050				

Valle kommune løyver 2 mill. kroner til vidareutvikling av Setesdal Folkehøgskule. Det vart løyvd kr 50 000 i tilskot til arbeidet med frisbeebane på Kjeøyne. Begge løyvingane vart gjort i budsjettvedtaket for 2020.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	68,97 %	68,97 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	75,47 %	75,47 %

Innanfor området har det vore langttidsfravær. Dette er ikkje arbeidsrelatert.

Kultur, bibliotek

Skildring av verksemd

Kultur, fritid og bibliotek:

Følgjande ansvar sorterer under teneste 23:

- 3150 Bibliotek
- 5160 Kulturarbeid
- 5161 Konserter og teater
- 5163 Valle ungdomsklubb
- 5164 Idrett og ungdomsarbeider
- 5165 Symjehall/badevakt
- 5166 Kulturskulen

Årsverk: Leiar Kultur og fritid 100 %, biblioteksjef 100 %, bibliotekassistent 15 %, kulturskule 110 %, ungdomsarbeidar 60 %, assistent ungdomsklubb 4 %, badevakt/kinovakt 15 %.

Totalt 7 tilsette.

Lovpålagde tenester: [Kulturskule](#) og [folkebibliotek](#).

Andre tenesteområde: [Ungdomsarbeid og fritidsklubb](#), bygdekino, [fritidsbading](#), Den kulturelle spaserstokken, samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, arrangement og markeringar, [kulturmidlar og -tilskot](#), div. prosjekt, generell kulturdrift og diverse sakshandsaming.

Spesielt om 5166 Kulturskulen:

Årsmelding 2020

1/4 av barn og unge i Valle kommune er elevar i Valle kulturskule. I tillegg kjem ein stor andel deltakarar som ikkje blir registrert i GSI, som deltek i gratis gruppetilbod som kulturskulen gir. Grunnen til at vi ikkje registrerer desse deltakarane som søkjarar, er fordi vi ønskjer at kulturskulen skal vere eit lågterskeltilbod, og at desse gruppetilboda skal ha lågare grad av formalitet/forplikning enn individuelle (betalings)tilbod.

Namn	Elever totalt	Antall grunnskole	Dekning	Sum elever gutter	Sum elever jenter	Antall ansatte totalt	Antall full stilling	Årsverk til administrasjon o.a.	Årsverk til opplæring av elever
Arendal kulturskole	263	5009	5,25 %	0	263	19	3	234	928
Kulturskolen i Birkenes og Lillesand	231	2246	10,28 %	72	159	30	0	100	355
Bykle kulturskule	59	101	58,42 %	20	39	4	3	30	169
Bygland, Evje og Hornnes kommune	86	724	11,88 %	55	31	7	0	80	188
Farsund kulturskole	231	1218	18,97 %	101	130	14	2	50	308
Flekkefjord kulturskole	224	1178	19,02 %	73	151	6	0	50	384
Froland skole	107	782	13,68 %	49	58	9	0	60	217
Grimstad Musikk- og kulturskole	261	2842	9,18 %	99	162	17	2	115	634
Hægebostad	12	150	8,00 %	1	11	1	0	20	50
Iveland Musikk- og kulturskole	5	190	2,63 %	5	0	1	0	10	10
Kristiansand kommune kulturskole	1695	13235	12,81 %	639	1056	74	20	1090	2718
Kvinesdal kulturskole	84	737	11,40 %	27	57	7	1	50	184
Lindesnes kommune kulturskolen	314	2889	10,87 %	128	186	21	1	170	707
Lyngdal kommune kulturskolen	227	1400	16,21 %	75	152	15	0	70	431
Sirdal kulturskule	104	240	43,33 %	34	70	13	0	58	285
Kulturskolen Øst i Agder	257	1966	13,07 %	52	205	19	0	100	777
Valle kulturskule	29	118	24,58 %	9	20	3	1	20	90
Vennesla kulturskole	241	1964	12,27 %	56	185	13	1	130	260
Åmli kulturskule	58	203	28,57 %	17	41	5	0	30	124
Agder totalt 2020:	4488	37192	12,07 %	1512	2976	278	34	2467	8819
<i>Agder totalt 2019:</i>	<i>4927</i>		<i>12,50 %</i>			<i>260</i>			

Utfordringar

Generelt, Kultur, fritid og bibliotek:

Det er utfordrande å kome ned mot same nivå som kostragruppe 6. Faste tilskot og kulturmidlar utgjer heile 40 % av budsjettet til Kultur og fritid, ansvar 5160-5166. Det vil seie at det er svært lite disponible budsjettmidlar når løn og alle tilskot er trekt frå. Dersom ein ser heile eining 23 under eitt, altså Kultur og fritid 5160-5166 inkludert bibliotek 3150, svarer faste tilskot og kulturmidlar til omlag 30 % av totalbudsjettet. Viser elles til tekst under fane "Økonomiplantiltak", og krav om å finne ekstern inndekking for 20 % stilling.


Når vi samanliknar oss med kostragruppe 6 har vi eit høgt forbruk på kulltur per innbyggjar. Kulturindeksen ser følgjande ut til å vere hovudårsakene til at Valle ligg høgt i forbruk per innbyggjar:

- faste tilskot til museum og frivillige lag og organisasjonar
- bibliotek
- kommunale idretts- og kulturbygg

I følge Kostra ser vi også ut til å liggje relativt høgt når det gjeld aktivitetstilbod for barn og unge, men då denne tenesta mange stader ligg under sosial eller oppvekst blir tala generelt noko vanskeleg å samanlikne. Ressursbruk på kulturskule er på gjennomsnittleg nivå i høve kulturindeksen 2020*, [Norsk kulturindeks](#):

Velg år: 2019 ▼

Kulturindeks Valle 2019



* Kulturindeksen 2020 er basert på tal frå 2019 (Kulturindeksen som viser til tal for føregåande år, er ikkje klar før i september).

Interessant å merke seg er dategorien "Kulturarbeidere", som refererer til sysselsettingstal for kulturyrke i kommunen. Her, og i den høge skåren på kategorien "Kunstnere", må det liggje eit stort potensiale for utviklingskraft og samskaping.

Særskilte utfordringar, bibliotek:

- Stor auke i talet på brukarar, utlån, besøk og aktivitetar, samt nye arbeidsoppgåver, er gledeleg og spennande, men utfordrar oss på drift. Drifta er ofte prega av å rekke det ein må frå dag til dag. Vi ønskjer å utarbeide langsiktige planar og gode strategiar for drift og og kvalitetsutvikling, og setje i verk fleire aktivitetar, men det er utfordrande å finne kapasitet til dette innaføre eksisterande rammer.

Særskilte utfordringar, kulturskule:

- Stabile søkjartal dei siste år (ein liten oppgang), men likevel lågare søkjartal enn vi ønskjer. Svært få søkjarar på folkemusikk (to vaksne), og få ungdomsskuleelevar.
- Dei fleste elevar/foreldre ønskjer undervising innaføre SFO-tid, noko som gjer timeplanen noko lite fleksibel.
- 10 % stillingsressurs innaføre folkemusikk gjer at vi ikkje er rigga til UNESCO-satsing og eventuell auke i søkjartal til folkemusikk.

Kulturskulen har dei siste åra lagt vekt på å gi eit relevant tilbod til fleire av innbyggjarande våre enn det mange forbind med eit tradisjonelt kulturskuletilbod. Dette inneber særleg gruppetilbod retta mot ulike aldersgrupper, som Musikk i livets begynnelse, song-/musikkstund i barnehagane, SFO-kor, fritidsbarnekor, allsong for vaksne, musikkstunder (musikkterapi) på bygdeheimen. Det er ønskeleg med større grad av formalitet og forankring i høve andre einingar, for i fellesskap å kunne optimalisere dei respektive tilboda våre og tilby meir brukartilpasa og involverande tenester.

Utvalde resultat

Generelt, Kultur og fritid

Kultur og fritid Valle kommune ønskjer å tilby kultur til alle - heile livet. Så er det nok likevel slik at hovudvekta av arbeidet rettar seg mot barn og unge, og i 2020 fekk Valle, saman med Bykle, prisen "Norges UKM-kommune".

Vi arbeider bevisst for å auke volumet i det vi gjer ved å samarbeide på tvers av heile eininga og med andre avdelingar, det frivillige og, i nokre tilfelle, med nabokommunar. Leiar er involvert i ulike samarbeid, som t.d. folkemusikkprosjektet Gorrlaus, Kulturveka, Sauesjåmarknaden m.m. I 2020 ferdigstilte vi [Kulturminneplan "Rotfest framtid" for Valle kommune 2020-2032](#), og stadnamninnsamlinga kom i gang. Vi fekk eksterne midlar til å vidareutvikle Prestefossen kulturlandskap (infotavler, skilting, benkar), men dette prosjektet vart av øvrige ressursomsyn skuva til 2021.

Gjennom heile 2020 har vi lagt vekt på å oppretthalde så godt tenetetilbod som mogeleg, trass i nedstenging og restriksjonar. Då våre avdelingar vart nedstengde i mars var vi opptekne av å kome raskt i gong med så mykje drift som mogeleg: Kulturskulen starta med digital undervising frå første dag. Vi etablerte raskt eit utlånsystem med trygg formidling av bøker frå biblioteket. I samarbeid med Valle radio og andre involverte var vi med på å gjennomføre ein minnerik og inkluderande [17. mai 2020 i Valle kommune](#). I staden for sommarkonsert vart det videoinnspeling for kulturskuleelevarne våre - annleis, spennande og lærerikt.

I tillegg har arbeid med folkemusikkprosjektet **Gorrlaus** vore ei satsing. Gjennom prosjektet skal alle barn og unge i Bygland, Valle og Bykle få opplæring i folkemusikk, -dans og -song i barnehage og skule. Leiar Kultur og fritid har tatt ansvar for å organisere og koordinere aktivitetane som hittil har vore gjennomførde i prosjektet, i alle tre kommunane, samt at vi har gått inn med ein liten ressurs frå kulturskulen i prosjektet.

Som nemnt under fanen "Økonomiplantiltak", er det ønskeleg at innsatsen som blir lagt inn i folkemusikkprosjektet Gorrlaus og UNESCO-satsinga blir meir forankra og formalisert. Dette er ikkje arbeidsoppgåver som kan/bør fordelast ut på kvar enkelt kommune. Frå samarbeidspartnarane si side er det uttrykt klart ønske om at desse oppgåvene framleis skal utførast av Valle kommune v/leiar Kultur og

fritid. Leiar vil derfor foreslå at ein prøver å finne midlar i drifta til dette. Det vil då også vere eit synleg og talfesta bidrag frå Valle kommune til det viktige UNESCO-arbeidet.

Spesielt om bibliotek

Brukarane av biblioteket set pris på den meiropane løysinga. Det har også vore ei auke i bruken av biblioteket frå Valle skule. Fleire leseprosjekt har auka innlånet av bøker frå andre bibliotek. Trass at biblioteket var stengd ei stund våren 2020, viser tala at biblioteket har stort utlån, og med turistsesongen følgjer auka lån til brukarar frå andre kommunar.

Ungdomsarbeidar nyttar 10 % av stillinga si i biblioteket for å leggje særleg til rette for barn og unge.

Vi legg stor vekt på å ha god kvalitet på turistinformasjonen, og opplever at kombinasjonen turistinfo og bibliotek er ei brukarevnlige og vellykka løysing. Næringslivet i Valle sentrum og andre reselivsbaserte verksemder melder også tilbake at dei ser positivt på dette, og at biblioteket er med på å støtte opp om aktivitet i Valle sentrum.

Spesielt om kulturskule

Som nemnt har Valle kulturskule dei siste åra lagt vekt på å gi eit tilbod til innbyggjarane våre om nok er breiare enn det mange forbind med tradisjonell kulturskule. På dette området har vi faktisk vore i front, for dette er no i ferd med å bli meisla ut som den ønska utviklinga i norsk kulturskule. Vi har gratistilbod retta mot ulike aldersgrupper, med babysong, div. barnekor i barnehage, skuletid og fritid, allsong for vaksne og musikkterapi på bygdeheimen. Vårt ønske, og mål, er at kulturopplevingar og aktiv deltaking i kulturaktivitetar skal anerkjennast som ein del av det kommunale tenestetilbodet innføre oppvekst og pleie og omsorg.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 172	4 961	4 790	-171	-3,8 %

Kommentar til status økonomi

230 KULTUR, BIBLIOTEK

Samla nettoresultat for eininga er eit meirforbruk på kr 171 000.

Avvik er forklart under, knytta opp mot kvart enkelt ansvar (avdeling).

3150 Bibliotek

-14 527

Mindre forbruk enn budsjetter på dei fleste postar.

Meirforbruk:

Årsmelding 2020

Fast løn for lågt budsjettert, ikkje tatt høgde for at biblioteksjef sa frå seg funksjon som HTV. Auke på på 10% på løn og sosiale kostnader i høve til budsjett.

Mindreforbruk:

Mindre aktivitet og færre arrangement pga. covid-19.

Auke i inntekter, om lag kr 21 000 totalt. Det vart seld div. brukte bøker, Bygdesoga og varme drikker.

På grunn av covid-19 var biblioteket stengd delar av våren 2020. Til trass for dette, har det totale utlånet gått opp frå 2019. Mykje av grunnen til det er at det har vore mange norske turistar i sommar, og dei låner bøker. I tillegg har vi hatt eit godt samarbeid med skulen, som har satsa stort på lesing.

Utlån til barn: auke frå 1490/2019 til 1681/2020.

Utlån til vaksne: auke frå 2222/2019 til 2434/2020.

5160 Kulturarbeid

-139 504

Meirforbruk:

I økonomiplanen er det budsjettert med kr 160 000 til prosjekt 6505 Stadnamninssamling over ein 3-årsperiode. Det var søkt om og innvilga midlar i 2018, men prosjektet vart forsinka, og det vart derfor ikkje søkt om nye midlar verken i 2019 eller 2020 (vil bli søkt i 2021). Konsekvensen er at det manglar budsjettert inntekt på kr 160 000 for 2020.

20 % av løn til leiar kultur og fritid (kr 170 000) vart budsjettert som eit innsparingstiltak - sjå forklaring under Økonomiplantiltak.

I tillegg kan nemnast underbudsjettering på tilskot/overføringer til private med kr -25 000 (eit fast tilskot var ikkje lagt inn), og låge inntekter på kino som følgjer av nedstenging.

Mindreforbruk:

- Mindre aktivitet, få arrangement og så å seie inga reiseverksemd pga. covid-19.
- Tiltaksmidlar ungdommararbeid var ikkje nytta som følgjer av covid-19, sjå ytterlegare forklaring under flagg to, Økonomiplantiltak

5161 Konserter og teater

- 4 543

Aktivitet: Den kulturelle spaserstokken

Eit lite meirforbruk som hovudsakleg skuldast TONO-/GRAMO-avgift.

5163 Valle ungdomsklubb

-4 198

Redusert aktivitetsnivå pga. covid-19 gav lågare inntekter, nedstenging veke 12-25. Få arrangement i løpet av året, men UKM og to juleball (juniorklubb og ungdomsklubb) vart gjennomførde. I perioden klubben var nedstengt utførte ungdomsarbeidar ein del førefallande arbeid i lokala.

5164 Idrett og ungdomsarbeider

-3 972

Ungdomsarbeidar var omdisponert til assistent i barnehage etter påske, pga. nedstenging av fritidsklubben.

5165 Symjehall/badevakt

-42 616

Meirforbruk:

Inga innsparing pga. covid-19, då 97% av utgiftene er fast løn. I tillegg vart det lågare inntekter, pga. nedstening. I perioden bassenget vart stengt gjorde badevakta ein del førefallande arbeid, og vart dessutan omdisponert til bibliotek (utbringning av bøker).

5166 Kulturskulen

Nettoresultat: 24 826

Tilsynelatande meirforbruk på løn, men dette skuldast ei prosjektstilling som vi får refundert utgiftene til (prosjekt 6507 Gorrlaus).

Mindreforbruk pga. covid-19, då sommarkonserten gjekk ut, og i tillegg hadde vi noko auke i elevtal/brukarbetalingar. Elles var det drift i kulturskulen heile perioden, også under nedstenginga (digital undervising).

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
	år 1						
Nye tiltak							
Kultur - tilskotsfinansiering - 20 % stilling	-170	0	-170	Ikke startet	✓		
Sum	-170	0	-170				
Politisk vedtak							
Ungdomsarbeid - auke ramme til aktivitet for ungdom	100	0	100	Ikke startet	✓		
Sum	100	0	100				
Sum tiltak	-70	0	-70				

Ungdomsarbeid - auke ramme på kr 100 000 til aktivitet for ungdom

Årsmelding 2020

Elevrådet ved Valle skule vedtok i møte i mars 2020 å fordele midla ut over 3 år. Planlagde aktivitetar for 2020 vart utsette til 2021 pga. covid-19.

Elevrådet ved Valle skule var akkurat i gang med å planleggje bruk av midla då skulen vart stengt ned. Dei ønska å nytte midla til tur, t.d. til Kristiansand, og elevrådet ønska å involvere alle ungdomsskuleelevar i idemyldring om Innhald/type aktivitetar. Pga. nedstenging stoppa planlegginga opp. Planar for bytur i november vart så vidt starta på hausten 2020, men også denne turen vart avlyst pga. smittesituasjonen.

Midla (kr 100 000) er sett på bunde fond i tråd med elevrådet sitt vedtak.

Kultur - tilskotsfinansiering - 20 % stilling

I budsjettet er det er lagt til grunn at leiar Kultur og fritid skal finansiere 20 % av si eiga stilling ved eksterne prosjektmidlar (kr 170 000). Ein slik modell er utfordrande, for det ligg ikkje føre verken planar om eller føringar for kva for prosjekt dette skal vere, og det er heller ikkje sett av interne midlar som kan nyttast som eigenandel i eit slikt prosjekt. Ved utlysing av prosjektmidlar vil det svært ofte vere krav om ein viss eigenandel frå søker si side, og ofte er det dessutan også ein føresetnad at prosjektleiinga skal finansierast internt.

Leiar Kultur og fritid har jobba mykje med folkesmusikkprosjektet Gorrlaus i 2020. Prosjektet dekker kommunane Bygland, Valle og Bykle, og det er eit ønske å kunne formalisere dette (sam)arbeidet noko meir, og kunne knyte i alle fall noko talfesta stillingsressurs til arbeidet som blir gjort. Hittil har det ikkje vore eksterne midlar disponible til dette.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,06 %	2,37 %	2,43 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	2,71 %	2,71 %

Langtidsfravær på 5166, ikkje relatert til arbeidet/arbeidsmiljø.

Personal

Skildring av verksemd

Verksemda personal består av eit årsverk - fagansvarleg personal. Personal har det overordna ansvaret for utlysningar, tilsetjingar, løn- og arbeidsvilkår i kommunen. Fagansvarleg personal er HMS-koordinator i kommunen og har blant anna ansvar for overordna HMS handbok i verksemda. Fagansvarleg personal var i permisjon frå mars til august, og slutta i stillinga i september. Gjennom året har arbeidsoppgåvene til fagansvarleg personal blitt løyst ved bruk av andre ressurser internt i organisasjonen.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 464	1 108	1 257	149	11,9 %

Kommentar til status økonomi

Eininga syner eit mindreforbruk på omlag kr 150 000. Kr 115 000 av dette skriv seg frå auka løyvingar til utdanningsstipend for ungdom, jf økonomiplantiltak og kommentaren gitt der.

Budsjettet var justert ned som følge av vakanse i stillinga og refusjon frå nav.

Fagansvarleg personal var i permisjon frå mars til august. Fagansvarleg slutta i stillinga medio september. Det vart ikkje leigd inn vikar i hans fråver, men oppgåvene vart fordelt internt på hhv leiar velkomst og skulefagleg ansvarleg og rådmann. Delar av løna til skulefagleg ansvarleg vart kontert frå dette ansvaret då denne funksjonen hadde hovudansvaret for fleire av oppgåvene.

Status økonomiplantiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Politisk vedtak						
Auke i utdanningsstipend frå 3 til 5 år i Valle kommune	100	0	100			
Sum	100	0	100			
Sum tiltak	100	0	100			

Nye reglar for utdanningsstipend for ungdom vart vedteke i budsjettet for 2020, der summen vart auka frå 5000 til 7000 kroner, og at ungdom kan få stipend i 5 år i staden for berre 3 år. Reglane skulle ikkje settast i verk før skuleåret 2020/2021. Søknadsfrist for stipend for skuleåret 20/21 er 15. mars 2021. Auka som vart gjort for budsjettet i 2020 vart ikkje brukt. Budsjettet var opphavelg på kr. 130 000, men auka opp med kr 100 000 i økonomiplantiltak. Berre kr 115 000,- av desse er brukt.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

IKT

Skildring av verksemd

Verksemdas art og kor den blir driven

Setesdal IKT er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland etter paragraf 27 i den gamle kommunelova.

Samarbeidet skal dekkje dei deltagande kommunars behov, plikter og oppgåver innanfor IKT tenester, og skal gjennom målretta bruk av IKT fremje utvikling av tenesteproduksjon, publikumsservice og administrative tenester i deltakarkommunane.

Setesdal IKT har sitt hovudkontor i Bykle kommune og avdelingskontor i Evje og Hornnes kommune.

Iveland kommune har sagt opp sin avtale med Setesdal IKT og vil frå 01.01.22 være ein del av IKT Agder sin driftsorganisasjon.

Dette har gjort at Setesdal IKT også må tenke nytt rundt framtidig organisering. Styret saman med selskapet har brukt mykje tid på dette i 2020.

Arbeidsmiljø

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er godt. I 2020 var det ikkje skader eller ulykker på arbeidsplassen.

Etisk standard

Arbeidsgjevar og tilsette i Setesdal IKT skal utøve sitt virke etter høg etisk standard. Med

ærlighet, respekt, og i tråd med lover, forskrifter og regler. Det skal være gjeldande på alle dei stader kor man til einkvar tid skulle være representert.

Etiske forventningar til åtferd og haldningar omtales og regulerast spesifikt i Bykle kommunes eige etiske reglement for tilsette. Bykle kommune er Setesdal IKT sin vertskapskommune og det er naturleg å bruke deira etiske reglement.

Likestilling

Ved rekneskapsåret sin slutt hadde selskapet 5 heiltidstilsette og 1 innleigd. Vi har ingen kvinner som heiltidstilsett. I tillegg til desse har vi to lærlingar.

Styret er sett saman av rådmenn frå dei 5 ulike eigar kommunane.

Styret har ikkje funne det nødvendig å sette i gong spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

Ytre miljø

Selskapet arbeider aktivt med å avgrense utslepp og anna forureining, og held seg godt innanfor det som normalt må påreknast for slik verksemd.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Etter styret si oppfatning gjev framlagt resultatregnskap og balanse med tilhøyrande noter eit rettvist bilde av verksemda sine egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for 2020. Det har ikkje skjedd forhold etter regnskapsårets slutt, som har noko og seie for vurderinga av rekneskapet.

Verksemda har for 2020 hatt eit driftsresultat på kr 738 719,-. Årets budsjett Disposisjonar utgjer kr 405 210 som har gitt eit mindreforbruk på kr 333 508 som er avsett til disposisjonsfond.

Setesdal IKT følger overgangsreglane i den nye kommunelova for sjølvstendige paragraf 27 selskap i den gamle kommunelova.

Økonomi

Setesdal IKT finansierer drifta med refusjonar frå kommunane som deltek. Det leggjast til grunn ein rekkje forskjellige fordelingsnøklar for fordeling av kostnadene.

Likviditeten er sikra ved at kommunane ved behov tilfører tilstrekkeleg med midlar til å dekkje selskapets forpliktingar.

Selskapet er nøgd med resultatet for 2020.

Vidare drift

Styret meiner det er grunnlag for vidare drift i selskapet, og årsrekneskapen for 2020 er sett opp med denne føresetnaden.

Utfordringar

Setesdal IKT sin framtid har det blitt jobba med i 2020. Det har vore samtalar med IKT Agder og DDV og dette arbeid held fram i 2021. Styret i Setesdal IKT vil tidleg i 2021 ta eit val på korleis selskapet skal drivast i åra som kjem.

Utvalde resultat

Tenesteutvikling /kundeprosjekter

- Oppgradering Agresso
- Nye kommunenummer
- Microsoft Teams
- Framtidig organisering
- Nye sentralbord – MBN
- WiFi opp gradering
- Nye sykesignalanlegg
- Tilrettelegging digitale møter
- OFA nye nett

Covid 19 har påverka driftsåret. Det har vore utstrakt bruk av heimekontor og digital undervisning. Vår infrastruktur var forberedt på dette, men det har vært mye jobb med innkjøp av utstyr til den enkelte. Det har også vore stort stort behov for opplæring og et stort behov for fjernsupport undervegs.

I tillegg til punkta over har det blitt jobba mykje med digital sikkerhet. Vi lever i ein verden kor den digitale sikkerhet kvar dag blir satt på prøve

I den ordinære drifta server vi ca. 2500 brukare fordelt over ulike system og i heile Setesdal.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 169	2 094	2 831	737	26,0 %

Kommentar til status økonomi

Ansvar 3200 IKT syner eit mindreforbruk på vel 0,7 mill. kroner. Samla kostnad til IKT Setesdal er på omlag 2,9 mill. kroner. Forklaringa til avviket som kjem fram under dette ansvaret er at omlag 0,7 mill. kroner er ført i rekneskapen på andre ansvar i organisasjonen.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Økonomiavdelinga

Skildring av verksemd

Økonomiavdelinga fører rekneskapen for Valle kommune og sel teneste med fakturamottak og føring av rekneskap for Valle og Hylestad Sokneråd, Setesdal Regionråd, Øyne Industribygg Valle KF og Setesdalsmusèet Eigedom IKS. Økonomiavdelinga har ansvar for budsjettarbeid, økonomioppfølging og saksutgreiing for alle politiske saker knytt til økonomiområdet i Valle kommune.

Avdelinga har ansvar for implementering, drift og opplæring av kvalitets- og internkontrollsystemet Compilo i Valle kommune. Opplæring og drift av system for rapportering- og verksemdstyring og analysearbeid ligg til avdelinga. All sakshandsaming av sal- og skjenkeløyver som kommunen gir, søknader om startlån og utvalde søknader om ulike tilskot kommunen yt vert handsama i avdelinga.

Økonomiavdelinga 5,8 stillingsheimlar. Konesjonskraft IKS har kjøpt 20 % stilling som controller frå Økonomiavdelinga i Valle kommune i 2020. Siste del av 2020 har avdelinga leigd ut ressurser på timebasis til Setesdal Regionråd, 40 % stilling har gjennom året vore vakant.

Skatteoppkrevjarfunksjonen vart kjøpt frå Evje og Hornnes kommune fram til 1. november då den gjekk over til Skatteetaten. Arbeidsgjevarkontrollfunksjonen vart kjøpt frå Arendal kommune før også den gjekk over til Skatteetaten frå 1. november 2020.

Valle kommune er vertskommune for felles Barnevern for Bygland, Valle og Bykle og fører rekneskapen for dette samarbeidet. Likeins er Valle kommune vertskommune for felles PPT og fører rekneskapen for også dette samarbeidet.

Økonomiavdelinga utfører også funksjonen løn for tilsette i Valle kommune, Valle og Hylestad Sokneråd, Setesdal Regionråd og Setesdalsmusèet Eigedom IKS.

Utfordringar

Økonomisystem og HR-system treng stadig fornying og oppgradering og krev mykje tid i avdelinga. Ansvar for implementering og opplæring av kvalitetssystem Compilo for heile organisasjonen krev kompetanse og ressurser. Utvikling av nye bruksområder knytt til fakturamottak og fakturering må tas i bruk. Det krev ressurser og kompetanse for å få nye løysingar på plass og tatt i bruk.

Utvalde resultat

Økonomiavdelinga har ansvar for opplæring, bruk og oppfølging i hele organisasjonen for sikring av kvalitetssystem gjennom Compilo og ved bruk av Framsikt i samband med budsjettarbeid, økonomirapportering og kvalitetsarbeid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	9 178	9 672	10 015	343	3,4 %

Kommentar til status økonomi

Økonomiavdelinga som rammeområde omhandlar også ansvar 3310 Div inntekter/utgifter for organisasjonen Valle kommune og ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn, i tillegg til drifta av sjølve økonomiavdelinga som ligg på ansvar 3300 Økonomiavdelinga.

Rammeområde Økonomiavdelinga syner eit rekneskap med forbruk på 96,6 %, eit mindreforbruk på kr 343 000, i høve til budsjett.

3300 - Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga er drift av fagområde med tilhøyrande stillingsheimlar. Drifta i avdelinga syner eit mindreforbruk på omlag kr 90 000. Ledige lønsmidler frå delvis budsjettert vakant stilling og sal av tenester til Setesdal Regionråd, utover budsjettert, har finansiert meirkostnad for kjøp av skatteoppkrevjarfunksjon og arbeidsgjevarkontrollen med kr 138 000, då overføring til Skatteetaten vart utsatt frå 1. juni til 1. november grunna Covid-19.

3310 Div inntekter/utgifter

Ansvar 3310 Div inntekter/utgifter har budsjett for lønsreserve til å dekke inn lønsauke i organisasjonen som følgje av lønsoppjøret kvart år. I tillegg finn ein budsjett for lisensar, programvare og avtalar som gjeld for heile organisasjonen. Lønsoppjøret førte til ein betydeleg lågare kostnad enn budsjettert auke på 2,3 %. Oppjøret for Sjukepleiarforbundet og Utdanningsforbundet vart utsatt til januar 2021 og fekk ingen verknad i rekneskapen for 2020.

Tenesteanalysen i sak PS 6/20 er blitt utført av BDO til ein kostnad på omlag 0,5 mill. kroner og auke i lisens til LVK utover det som var budsjettert på omlag 0,3 mill. kroner er dekkja av ledige lønsmidler i budsjettet. Ansvar 3310 har eit mindreforbruk på omlag 1,1 mill. kroner.

3350 Kyrkjer og andre trusamfunn

Valle kommune si tenesteyting gjennom kyrkjegardsarbeid er belasta ansvar 3350, men budsjettert på rammeområde Teknisk. I tillegg vert utbetaling av tilskot til andre trusamfunn enn den norske kyrkja omlag kr 110 000 høgare enn budsjettert. Grunnen er fleire medlemmer og høgare tilskotsyting. Ansvar 3350 har eit meirforbruk på omlag 0,9 mill. kroner.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,46 %	0,35 %	0,81 %
Årlig sykefravær 2020	0,38 %	0,00 %	0,38 %

Samla sjukefravær i økonomiavdelinga gjennom året ligg på 0,38 %, dette er sporadisk korttidsfravær. I tillegg til tilsette i økonomiavdelinga inngår 20 % stilling frikjøp av HTV for Fagforbundet og Utdanningsforbundet i grunnlaget.

Velkomstsenter

Skildring av verksemd

Velkomstsenteret har følgjande stillingar:

- 100 % leiar (politisk sekretariat, informasjon/kommunikasjon, bustadkontor, digitalisering m.m.)
- 100 % Arkivleiar (arkiv og innsyn)
- 100 % konsulent (utføring av tenester for Setesdal regionråd, sentralbord, Valle skule, heimesida, frikjøpt HTV 20% m.m)
- 80 % konsulent (Næringsarbeid, ferdigattestar, infoland, fakturering, kyrkjegardsarbeid, sentralbord m.m.)
- 20 % konsulent (Fråversregistrering, ansvarleg drift bedriftsleilegheit)

Funksjonen næringsarbeid (førsteline) var lagt til eininga. I 2021 må ein vurdere om det er riktig organisering

Frå mars 2020 har leiar i Velkomst vore fast deltakar i krisleleiinga med ansvar for kommunikasjon og informasjon.

Utfordringar

Utfordringa til Velkomst er å få flest mogleg av innbyggjarane, samt andre brukarar av våre tenester, til å nytte digitale verktøy for å motta dokument og informasjon frå kommunen.

Velkomstsenteret er også sårbar i høve fråver då det er krevjande å få tak i vikarar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 249	3 145	3 130	-15	-0,5 %

Kommentar til status økonomi

3600 Velkomstsenter:

Der har vore eit overforbruk på kr. 122 452,- som i hovudsak skuldast utgifter i høve nye lisensar på programvare, kjøp av inventar og utstyr og kontingentar. Ein måtte mellom anna gjere oppgradering og vedlikehald på ein database der kostnadane med dette kom på rundt kr 90 000,-

Mva vert budsjettert med netto, kr 150 000 i momsrefusjon er inntektsført på ansvar 7000
Momskompensasjon og ikkje på ansvar 3600..

Eit mindreforbruk på løn på kr. 172 111,- som er refusjon av sjukepengar der det ikkje blei leigd inn vikar. Der er også solgt tenester for 38 000,- meir enn budsjettert, noko som trekker ned overforbruket.

Dersom ein ser vekk frå MVA på kr. - 153 482,- er eining Velkomst i balanse med budsjettert.

3610 Markensgate

Overforbruk på kr. 7 844,- noko som skuldast at ein måtte leige inn røyrleggjar for å reparere øydelagt toalettet.

3660: Avgiftspliktig sal

Der har vore inntekter på kr. 115 757,- på mellom anna eigedomsopplysningar som vert selt til meglarar og andre aktørar som ikkje var budsjettert.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
	år 1						
Nye tiltak							
Digitalisering - generelt	200	0	200	I arbeid	✓	Summen er brukt opp, men ikkje på spesifikke prosjekt.	
Sum	200	0	200				
Sum tiltak	200	0	200				

Digitaliseringsgruppa har hatt 4 møter i 2020. Mykje mindre enn tenkt grunna koronasituasjonen.

Der er kjøpt inn 3 applikasjonar frå Norkart som fører til enklare bestillingar av eigedomsopplysningar, der det også skjer ein automatikk med bearbeiding av bestilling på desse opplysningane, noko som fører til mindre arbeid for sakshandsamar. I tillegg er systemet «minEigedom» tatt i bruk, noko som gjer det lettare for grunneigarar å finne all informasjon om sine eigedomar inkl. eldre dokument.

Årsmelding 2020

Forbruk pr. 31.12.2020 var kr. 65 654,-, og i budsjettet er det sett av kr, 200 000,- Rest kr. 134 346,- er gått inn i drifta for å dekke inn overforbruk på lisensar og programvare.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,84 %	5,50 %	6,35 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	14,36 %	14,36 %

Der har vore to sjukemeldingar i 2020 på hhv 100% og 80% nokre månader, deretter heldt ei av sjukmeldingane fram med 20% resten av året. Den eine var arbeidsrelatert, medan den andre ikkje er det. Med berre 5 i avdelinga blir prosenten høg når to er ute i sjukmelding.

Frivilligstentral

Skildring av verksemd

Frivilligsentralen har tilsett ein 30% ressurs som skal halde frivilligsentralen i gong.

Statusrapport pr. oktober 2020:

-En temakveld gjennomført før covid 19 kom.

-Har ferdigstilt discgolfbane, mangler kun bru. Mange dugnadstimer lagt ned.

-Turløypelaget har vært med på vedlikehold og etablering av stier på Løefjell, Ljomsnuten, Rysstadåsen både fra aust og vest.

-Etablert foreninga Valle Bruktbutikk. Starta opp og drifter bruktbuikken. Eit stort antall dugnadstimer er lagt ned.

-Tilrettelagt for telefonven i koronatida.

Som ein ser har frivilligsentralen først og fremst vore ein stad andre lag og organisasjonar har kome for å få hjelp, og det er ikkje det som er intensjonen med ein frivilligsentral. Det har vore, og er utfordrande å få innspel på kva det er egentleg folk treng frivillige til. Ein har på bakgrunn i at ikkje frivilligsentralen fungerer slik den er tenkt å legge den ned frå 01.01.2021. Ein vil i 2021 vurdere korleis ein skal arbeide med frivilligheit som ressurs i kommunen.

Utfordringar

Det har vore, og er utfordrande å få innspel på kva det er egentleg folk treng frivillige til.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	0	54	243	189	78,0 %

Kommentar til status økonomi

Frivilligsentralen har hatt lite utgifter i 2020 pga lite aktivitet. Det er i hovudsak berre løn til 30% stilling som er belasta budsjettet for 2020.

Valle kommune har fått inn kr. 361 000,- på rammetilskotet som har gått til finansiering av frivilligsentralen.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Interkommunalt PPT

Skildring av verksemd

PPT Setesdal er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Bykle, Valle og Bygland. Valle er vertskommune

PPT for Setesdal er sakkunnig instans i saker som gjeld spesialundervisning. PPT skal drive med saksutgreiing / sakshandsaming etter Opplæringslova §5 og Barnehagelova § 19, og tilrå bruk av spesialundervisning / spesialpedagogisk hjelp der det er naudsynt.

PPT er også pålagt å hjelpe skular og barnehagar med kompetanseutvikling og systemarbeid på det pedagogiske området. Dette kan vere oppgåver som rådgjeving, kurs, oppfølging av klasseleiing / systemretta tiltak i barnehagar og foreldrerettleiing. PPT arbeider også førebyggjande, for å hindre skeivutvikling og sikre tidleg hjelp / oppfølging.

PPT for Setesdal har hovudkontor i Valle, men også eit mindre avdelingskontor i Bygland kommune (Byglandsfjord)

Stillingsheimlar

PPT har totalt 2,3 stillingsheimlar til disposisjon:

- Leiar /PP-Rådgivar: 100% fagstilling (30% til leiing av kontoret)
- PP-Rådgivar: 100% fagstilling som PP-Rådgivar
- Merkantil: 20% stilling til scanning, arkivarbeid
- Reinhold: 7% stilling som fagarbeidar

Talet på saker / brukarar PPT arbeider med kvart år:

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020
Bygland	31	34	33	26	30
Valle	41	38	37	34	34
Bykle	27	16	14	25	19
Sum	99	88	84	85	83

Talet på nye tilviste brukarar til PPT (årleg):

Kommune	2016	2017	2018	2019	2020
Bygland	11	11	12	1	10
Valle	8	10	12	10	8
Bykle	7	2	3	9	5
Sum	26	23	27	20	23

Utfordringar

- PPT for Setesdal er eit lite kontor, med få tilsette. Dette gjer at vi strever med å bli spesialistar på eit område, men må prøve etter beste evne å dekke dei fleste områda innanfor pedagogikken.
- Det er sårbart med 2 fagstillingar. Sjukdom / permisjonar / utskiftingar er noko som kan gjev utfordring i å levere gode tenester. I 2020 har PPT hatt full bemanning, noko som gjev betre tid og oppfølging av kvar einskild sak.
- Krav til dokumentasjon og skriftleggjing er aukande, og tek tid frå direkte kontakt med brukarane.
- 2020 har vore eit spesielt år, med tanke på koronasituasjonen. PPT har i mindre grad hatt fysisk møte med føresette og andre instansar. Ein har nok erfart at digitale møte bare i nokon grad kan erstatte dei fysiske møta.

Utvalde resultat

1. God kvalitet i det sakkunnige arbeidet

Følgjande er lagt vekt på i 2020:

- **Vere tett på brukarar (skular / barnehagar/ føresette).**
PPT har faste dagar på skular / barnehagar i dei ulike kommunane, og det bør vere lett å ta kontakt med PPT. Det har naturleg nok vore ekstra utfordringar i år i samband med koronasituasjonen, men både skular og barnehagar har stort sett vore på gult nivå (om ein ser vekk frå nedstenginga våren 2020). Dette har gjort at PPT har kunne gjennomføre møte og testing av born / elevar. I periodar har ein del møte vore gjennomført på Teams / digitalt.
- **Rask sakshandsaming.**
PPT for Setesdal har ikkje hatt ventelister i 2020, men det kan bli noko ventetid ved tilvising rett før sommaren, eller i samband med at det sakkunnige arbeidet for neste år er i gang. Målet er å gjere ferdig sakkunnig vurdering før 3 mnd. etter at saka er tatt inn i PPT. For 2020 er det 4 saker der det har tatt noko lengre tid.
- **Fagleg gjennomgang og diskusjon av kvar einskild sak.**
Vi har hatt kontormøte kvar veke / kvar 14. dag, med diskusjon og gjennomgang av saker. Einskilde saker er også diskutert med Abup/ Habu eller i lokal ansvarsgruppe med helse / psykolog. PPT er også deltakar i miljøteam der born / elevar som det er bekymring rundt, kan takast opp.
- **Fagleg oppdatering for dei tilsette.**
For eit lite kontor som Setesdal PPT er det særleg viktig å få fagleg påfyll og inspirasjon gjennom kurs og samarbeid med andre PP-kontor. For 2020 har PPT deltatt i digitale kurs / fagleg oppdatering med ei kursrekke innanfor nevrofeltet (R-BUP). PPT for Setesdal har vore aktivt med i Agder samarbeidet (digitale møte dette året) og er med i samlingar rundt kartleggingsverktøyet Dat-Kon (saman med Midt Agder PPT).

2. Andel med spesialundervisning for dei 3 kommunane skal ikkje liggje høgare enn landsgjennomsnittet over tid.

PPT for Setesdal har som måsetting at andel med spesialundervisning ikkje skal liggje høgare over tid enn landsgjennomsnittet. Dette er noko PPT må jobbe saman med skulane for å få til gjennom å gjere den ordinære undervisninga så god og tilpassa som råd er. Kostra-tala for 2020 er ikkje klare enno, men ligg for 2019 omlag på landsgjennomsnittet for dei 3 kommunane (små endringar).

Kommune	Bygland	Valle Bykle	Aust-Agder	Kostra-gr. 06	Landet u/Oslo	
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
2017	6,0	9,1	9,4	9,2	10,1	7,9
2018	8,1	8,3	8,2	9,1	10,1	7,9
2019	8,1	6,2	9,0	9,1	10,0	7,9

3. PPT skal vere med å styrke det spesialpedagogiske

feltet og gje rettleiing og kompetanseutvikling til skular og barnehagar.

- PPT ønskjer å drive spesialpedagogisk nettverk for kommunane. Ei samling var planlagt hausten 2020, men vart avlyst grunna koronasituasjonen.
- PPT har vore med å gjeve rettleiing på område som gjeld læringsmiljø / skulemiljø og klasseleiing. I Valle kommune er det jobba med eit opplegg "å snu vanskelege klassar". Her har PPT vore med i prosessen rundt betre læringsmiljø i einstilte klassar på Valle skule. Dette er gjort gjennom observasjon og systematisk rettleiing i mindre grupper saman med lærarar.
- Med utgangspunkt i einskildsaker, er PPT med å gjev råd og rettleiing rundt læringsmiljø og inkludering av elevar / born.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	800	775	799	24	3,0 %

Kommentar til status økonomi

Nettoreultat for Valle kommune: forbruk på 97 % av budsjett.

Nettoreultat tilsaman for alle 3 kommunane: 96,3 % (83.000 i mindreforbruk av totalt budsjett på 2.220.000)

Årsak til mindre forbruk er m.a. reduserte utgifter til køyring, kurs / hotellovernattingar på grunn av koronasituasjonen.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,80 %	0,00 %	0,80 %

Samla sjukefråver for PPT er lågt, under 1 % for året.

Interkommunalt barnevern

Skildring av verksemd

Setesdal barnevern skulle i 2020 i utgangspunktet ha 5,2 stillingar i verksemda (inkl stilling finansiert av Fylkesmannen.) Setesdal barnevern hadde i byrjinga av 2020 fire kontaktpersoner som dreiv saksbehandling. På grunn av sjukemeldingar og svangerskapspermisjon hadde Setesdal barnevern bare 3 kontaktpersoner som dreiv normal saksbehandling fra februar 2020 til og med august 2020. Det var ein merkantil funksjon i 40 % og en administrativ leiar i 20 % fram til mai 2020. Tenesta var i denne perioden underbemanna. Setesdal barnevern lyste ut to kontaktpersonstillingar i juni 2020.

Det ble tilsett to kontaktpersonar som startea i tenesta i september 2020. Da hadde tenesta i alt 5 fulle stillingar inkludert leiar. Sjukefraværsprosenten var på 10,1 % samla for heile 2020. Dette heng saman med langtidssjukemelde tilsette. Korttidssjukefraværet var i null gjennom 2020.

Utfordringar

Setesdal barnevern har utfordringar med at det er ei lita teneste som er sårbar for sjukefråvær eller anna fråvær. Det er vanskelig å finne kompetent personal til vikarierende stillingar. Det er også utfordrande å finne ressurseffektive tiltak for barn og deira familiar i eit lite kommunalt tenesteapparat. Sårbare for auka press og aukande saksmengde sett opp mot lovkrav i Barnevernloven.

Utvalde resultat

- Tilstandsrapport for 2020.
- Innføring av digitalt tilbakemeldingsverktøy som målar kor tilfredse foreldre og barn er med tenesta dei får.
- Ingen fristbrot knytt til melding og undersøkjing i siste halvår av 2020, og gjennomført alle oppfølgingsbesøk og evalueringar i løpet av 2020. Dette er ei klar forbetring fra 2019.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	1 671	1 437	1 989	552	27,8 %

Kommentar til status økonomi

Valle sin del av samarbeidet syner eit mindreforbruk på vel 0,5 mill. kroner. Dette skriv seg frå den delen av samarbeidet som gjeld indirekte kostnader gjennom barnevernstenesten vert fordelt mellom kommunane i vertkommunesamarbeidet basert på antall barn under 18 år og mindreforbruk i høve til budsjett knytt til tiltak i heimen.

Avvik mellom budsjett og rekneskap som gjeld Bygland og Bykle er dekkja inn gjennom refusjon i rekneskapen og påverkar ikkje mindreforbruket i Valle.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	36,00 %	36,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	10,03 %	10,03 %

Sykefravær på langtidssykemelding er knyttet til langtidsjukmelding i første og andre kvartal. Ingen sykemeldte i siste halvår av 2020.

Skule

Skildring av verksemd

Grunnskulen

Fulldelt skule med 1 klasse på kvar trinn. 119 elevar og 31 tilsette. Skulen sine fokusområder har i 2020 vore:

Leseglede og leselyst:

Skulen gjennomfører lesekvarten, har auka opningstider og fonya litteratur på skulebiblioteket, lært opp elevassistentar som gode leserettleiar. Bibliotekarfunksjonen har vore styrka gjennom tildelte midlar gjennom skulebiblioteksprosjektet

Tilpassa opplæring og tidleg innsats:

Gjennom samarbeid med Spangreid skole har vi utvikla læringsverkstad med fokus på stasjonsundervisning. Skulen sitt fokus er å tilpasse opplæringa så tidleg i skuleløpet som mogeleg for i gje elevane meistring og hindre spesialundervisning seinare. Fagarbeidarane er ein viktig ressurs i skuletid i tillegg til SFO. Dei er tett på undervisninga for å styrke dei elevane som treng litt ekstra oppfølging sosialt/relasjonelt i tillegg til fagstøtte.

Fagfornyninga LK20:

Nytt skuleår med ny læreplan. Færre læringsmål, auka fokus på framtidsbilete av eleven og i fag. Verdigrunnlaget skal gjerast levande, det skal bety noko for kvar elev i skulefellesskapet. Læreplanen sin overordna del fokuserer på menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfald, kritisk tenking, skapargelde, engasjement og utforskartrang, respekt for naturen og miljøet, demokrati og medverkand

Skulefritidsordninga

Fritidstilbod til elevar på 1-4 trinn. Det var 24 elevar fordelt på 3 ulike tilbod. SFO har fokus på fysisk aktivitet gjennom lek. SFO står opp om symjeopplæringa på skulen gjennom å tilby badning/vatntilvenning kvar veke for alle i SFO. I tillegg nyttar dei trollskoge, hallen, klubben og uteområdet kring skulen. SFO har i samarbeid med skulen hatt fokus på leselede og leselyst.

Vaksenopplæringa

3 elevar på introduksjonsnorsk som ein del av introduksjonsprogrammet for flyktningar. Våren 2020 flytta fleire av elevane på vaksenopplæring for å gå på vidaregåande skule.

Utfordringar

Skulen har ei auka utfordring med negativt klasse miljø i dei yngre aldersgruppene, auka andel med elevar med behov for tilrettelegging ihht det sosialpedagogiske/samspel og mindre fagleg oppfølging. Der er registrert avvik ihht vald mot tilsette i jobbsituasjonen.

Utvalde resultat

Syner til Tilstandsrapport 2020 vedtatt i kommunestyret i juni.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	17 981	18 976	20 120	1 144	5,7 %

Kommentar til status økonomi

Valle skule

Lønn

Rekneskapen syner eit mindreforbruk ihht budsjett. Avviket skuldast sjukefråvær og mangel av vikarar. Stillingsramma har vore god etter samanslåing av skulane hausten 2019 då vilkåret var at ingen skulle seiast opp.

Det er gjennomført innsparing etter plan, jf teksten under økonomiplan tiltak. Innsparing er gjennomført ved ikkje å tilsette ved permisjonar. Samanslåing av skulane hausten 2019 gav Valle skule ei auka stillingsramme. Skuleåret 2019/2020 har vi hatt høve til å dekke timar til elevstøtte på vedtak innfor ramma.

Utgifter

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på utgifter enn budsjettet. Årsaka er blant anna at skulen har utsett innkjøp at nye læremidlar til den nye læreplanen er meir innarbeid og vi har ei prioritering kring lærebok og digitale læremidlar.

Inntekter:

Auka inntekter ihht budsjett. Gjestelevgarantien dekker eit grunnhonorar samt timar til spesialundervisning med pedagog og fagarbeidet. Auka behov for ekstraressurs frå eit skuleår til neste har gitt ei auke i refusjonen. Satsane for grunnbeløp og timepris har auka.

Valle vaksenopplæring

Status gjeld ansvar 5150 og 5151- drift av vaksenopplæringa omfattar introduksjonsnorsk og samfunnsfag for elevar på introduksjonsprogrammet samt for elevar på §

Lønnskostnadane er lågare enn budsjettert. Føresetnad i budsjettprosessen vart endra pga av endring i elevmassen. Redusert behov for spesialundervisning ga reduksjon i lønnskostnad. Ressurs omdisponert/innsparert ihht permisjon.

SFO

Generelt eit mindreforbruk. Det skuldast at Covid 19 og krav til kohortar (klassevis) kan ha ført til at fleire elevar har sagt opp plassen i SFO.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Innsparingstiltak							
Valle skule - grunnskule - endring i driftsramme	-2 000	0	-2 000	I arbeid	✓	Innsparing ved permisjonar, ikkje i stillingsramme	
Valle skule, vaksenopplæring - endring i driftsramme	-700	0	-700	I arbeid	✓	Endring av behov etter budsjett ferdigstilling	
Sum	-2 700	0	-2 700				
Sum tiltak	-2 700	0	-2 700				

Grunnskulen 5110:

Innsparing er gjennomført gjennom innvilging av permisjonar og ikkje påløpte vikarutgifter. Ingen avklaring ihht faste stillingar. Skulen er i prosess med oppseiing ihht naturleg avgang. Truleg vil redusksjon i ramma vere gjennomført med full effekt frå 2022.

Vaksenopplæringa 5140

Innsparing er ikkje gjennomført ihht budsjett på eininga. Bakgrunn er endring av føresetnad for budsjett. Covid nedstenging medførte forlenging av introduksjonsprogrammet samstundes som behovet for spesialundervisning for vaksne blei redusert.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,23 %	6,22 %	6,45 %
Årlig sykefravær 2020	0,34 %	8,72 %	9,07 %

Valle skule

Sjuefraværet, langtids, er høgare enn ønska. Kortidsfraværet er som forventa.

Sjukemeldte er fulgt opp med tilrettelegging av arbeidsoppgåver, arbeidstid og i tråd med gjeldande reglar og rutinar. Det er gjennomført tiltaksplan, dialogmøter og samarbeid i Møteplassen.

Barnehage

Skildring av verksemd

Valle barnehage hadde våren 2020 30 barn og 40 plassar. Det var 7 barn som gjekk over i skulen i august. Hausten 2020 var det 26 barn og 35 plassar

Hylestad barnehage hadde våren 2020 17 barn og 25 plassar. Det var ingen som gjekk over i skulen. Hausten 2020 var det 18 barn og 27 plassar.

Bemanninga har vore etter bemanningsnorm 1:6 og 1:3. Valle barnehage har hatt ein ekstra ressurs, prosjekt 323 (styrka tilbod) på 40% frå januar til juli og den blei avslutta frå august. Denne ressursen til fleirspråklege barn blei avslutta pga barn som flytta frå kommunen. Endringa hadde ingen verknad i budsjettet då stillinga vart finansiert ved bruk av midlar frå bunde fond.

Det er satt inn ein 100% stilling spesialpedagogisk tiltak heile barnehageåret 2020. 100% av søkjarar har fått plass i barnehagane.

Satsingsområdet barnehageåret har vore "Barnehagens språkmiljø og systematisk arbeid med språk i barnehagen". Me har gjennomført kompetanseheving for personalet i tråd med Nettverk Setesdal barnehage og brukt språkløyper som ein del av kompetansehevinga. Det er gjennomført prosjekt; Leselyst og Leseglede.

Det er gjennomført mentorveileding med tre nye pedagoger. Desse samlingane har vore på kveldstid.

Utfordringar

Utfordring for barnehagen er å få tak i vikarar når personalet har fravæ. Det kan vere ei påkjenning for personalet som arbeider i barnehagen. Personalet strekk seg langt i å gå overtid og arbeide ekstra på sine fridagar. Løpande opptak gjennom heile barnehageåret gjer at barnehagen ofte må søke etter ny arbeidskraft midt i barnehageåret noko som ikkje er gunstig for å få tak i rett utdanning.

Utvalde resultat

Etter foreldreundersøkinga i november 2019 kom det fram at foreldre savner litt meir informasjon om innhaldet i barnehagen. Med den nedstenginga som var i mars 2019 pga covid-19 og i perioden med

reduisert opningstid, blei kommunikasjonen mellom barnehage og heim redusert til korte beskjedar ved hente/levering og informasjon pr. e-post. Me har nå sett at digital kommunikasjon er nødvendig for å nå alle foreldre og kan lette arbeidet for personalet. Etter ein prosess med undersøking, så enda me på eit barnehagesystem som heiter Visma Flyt Barnehage. Det var i samarbeid med Valle skule som skal etablere det same systemet på skulen. Visma Flyt Barnehage er eit barnehagesystem som skal brukast på kommunenivå mtp barnehageopptak, søknad og redusert foreldrebetaling, søknad om å endre opphaldstid og fakturafil som går automatisk til økonomi. På barnehagenivå har me ein app for personalet og ein app for foreldra der dei kan registrere fråvær, personalet registrerer oppmøte barne og gje informasjon til heile avdelingar og informasjon mellom foreldre og personal individuelt. Dette systemet er kjøpt inn i desember 2020 og blir tatt i bruk mars 2021.

Det er etter ynskje frå foreldrerepresentantane i samarbeidsutvalget og barnehagemyndighet i kommunen at brukerundersøkinga vert gjennomført kvar år og ikkje annakvart år som nå. Neste brukarundersøking vert november 2021 ut frå spørsmål frå Udir. Det var 76% svarprosent frå foreldra i Hylestad barnehage og 56% i Valle barnehage på undersøkinga i november 2019.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	7 777	7 896	8 327	431	5,2 %

Kommentar til status økonomi

Valle barnehage og Hylestad barnehage har eit mindreforbruk på omlag 0,4 mill kroner. Ein av forklaringane på dette er at kommunen nå får refusjon frå nabokommunar dersom dei har barn som har barnehageplass i Valle kommune. Bygland kommune og Bykle kommune har samla betalt refusjon på kr 193 000,-. Ein anna årsak er at siste halvår frå august 2020 blei det ikkje søkt om så mange redusert foreldrebetaling som første halvår, altså ei høgare foreldrebetaling enn forutsatt. Det har vore noko ekstra vikarbruk pga strenge regler mtp smittevern, men kostnadane har vore moderate. Bortfall av foreldrebetaling i perioden mars/april vart kompensert med kr 126 000,- frå Staten.

Der vart behov for ekstra 100% stilling på spesialpedagogisk tiltak som ikkje låg i budsjett 2020. Budsjettregulering vart gjort med kr 400 000 for å dekke inn kostnaden, då dette er eit tilbod kommunen må gi. Dette vart gjort før det var kjent kva inntekter utover budsjetteterte ein ville få.

Status økonomiplaniltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Innsparingstiltak							
Fellesutgifter barnehagane - endring i driftsramme	-800	0	-800	Ferdig		Generell innsparing i drift, jf kommentar nedafor.	
Sum	-800	0	-800				
Sum tiltak	-800	0	-800				

Økonomiplantiltak vedteke i budsjettet for 2020 for barnehagane i Valle.

Det overordna målet i kommuneplanen sin samfunnsdel for Valle kommune er å ha ei drift i tenesteproduksjonen på nivå med gjennomsnitt i kostragruppe 6 som Valle kommune tilhører. Kostnadane til barnehagedrift ligg høgare enn dette nivået. Tiltaket skal liggja til grunn for ein gjennomgang av driftsform og kva potensiale som ligg for å kunne har ei meir kostnadssparande barnehagedrift i Hylestad barnehage og i Valle barnehage.

Dette var utgangspunktet for ei justering av kostnadsnivå og som vart stadfesta i rapport frå BDO ved tenestegjennomgangen i 2020.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	1,05 %	6,26 %	7,30 %
Årlig sykefravær 2020	1,77 %	7,27 %	9,03 %

Samla sjukefravær frå barnehagane er på 9,03%. Hylestad barnehage og Valle barnehage har i 3. og 4. kvartal langtidssjukemeldingar. Kortidsfraværet i barnehagane på under 3% gjennom heile året. Personalet har lett for å bli smitta av influense og forkjølelse når dei har nærkontakt med små barn.

Jamleg oppfølging med samtalar og spørsmål om tilrettelegging er gjennomført.

Felles skule /skulefagleg ansvarleg og barnehagemynd

Skildring av verksemd

Funksjonen som skulefagleg ansvarleg og ansvarleg for barnehagemyndigheit, heretter kalla «barnehage- og skulefagleg ansvarleg», er ei 80 % stilling med ein tilsett.

Året 2020 var eit ekstraordinært år grunna Covid -19. Ved nedstenging 12. mars 2020, blei det brått ei stor endring i måten arbeidet blei utført på. Arbeidsdagen har i stor grad gått føre seg digitalt.

Det blei utarbeidd lokale smittevernplanar for barnehage og skule. Desse planane har vore gjennom ei rekke endringar i løpet av året. I tillegg har barnehage- og skulefagleg ansvarleg gjennomført ei rekke rapporteringar i høve Covid 19.

Innan oppvekst har Valle kommune, som mange andre kommunar, blitt utfordra på stadige endringar i smittevernrettleiarar og rapporteringar. Dette har kravd omstillingsevne og har i perioder tatt mykje av fokuset. (Utfordringar?)

Minimum kvar månad gjennomfører barnehage- og skulefagleg ansvarleg møte med styrar og rektor. Innhald i møta er deling og innhenting av informasjon, drøftingar, utarbeiding av rutinar og planar, gjennomgang av regelverk, oppfølging av mellom anna Tilstandsrapport mm.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg deltek i ulike nettverk i Region Setesdal. Nettverk Setesdal Oppvekst består av barnehage- og skulefagleg ansvarleg/rådgevar frå kvar kommune i regionen. Rektornettverket består i tillegg av rektorane. Styrarnettverket består av barnehage- og skulefagleg ansvarleg/rådgevar og styrarar. I 2020 har det vore gjennomført færre møte enn det som har vore

Årsmelding 2020

vanleg grunna Covid 19. Det har vore fem møte i Nettverk Setesdal oppvekst, eit i rektornettverket og fem i styrarnettverket. Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i Valle kommune er nestleiar i Nettverk Setesdal Oppvekst.

Alle tilsette i barnehagane i Valle kommune deltok i 2020 på etterutdanning gjennom "Regional ordning for kompetanseheving" (ReKomp) der temaet er "Barnehagens språkmiljø og systematisk arbeid med språk i barnehagen". I ordninga er det inngått partnerskapsavtale med Skrivesenteret ved NTNU i Trondheim. Partnerskapet er i samarbeid med dei andre kommunane i Region Setesdal. Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i Valle kommune har koordinert arbeidet for barnehagane i Bykle og Valle.

I regi av nettverket er det og gjennomført leiaropplæring for styrarar og pedagogiske leiarar i samarbeid med KS.

Hausten 2020 starta Nettverk Setesdal Oppvekst arbeid med å re-etablere ReKomp, slik at ordninga ikkje lenger skal styrast gjennom nettverket.

Valle skule deltek på etterutdanning gjennom "Desentralisert ordning for kompetanseheving". I 2020 har hovudtema vore Fagfornyinga. Det er lagt opp til seks samlingar kvart skuleår. Valle kommune har, saman med Bykle kommune, inngått partnerskapsavtale med UiA. Skulefagleg ansvarleg i Valle kommune leiar arbeidet i Region Øvre Setesdal. Det inneber mellom anna å utarbeide plan for satsinga, inngå partnerskapsavtale saman med fagleiar ved UiA, sende søknad om middel til Statsforvalteren i Agder, delta i Samarbeidsforum i Agder, rapportere på bruk av tildelte middel, planlegge og tilrettelegge samlingar saman med faglærar frå UiA og leie møta i lokal arbeidsgruppe.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i Valle kommune er vararepresentant i RKG Oppvekst, utdanning og levekår i Agder.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg deltok i 2020 på fleire fagmøte og utdanningsmøte med Fylkesmannen i Agder (nå Statsforvalteren i Agder). Dette året har Fylkesmannen i tillegg gjennomført ulike informasjons- og rapporteringsmøte.

Juni 2020 blei Tilstandsrapport for grunnskulen drøfta i Levekårsutvalet og var oppe som sak i Kommunestyret. Den er utarbeidd av barnehage- og skulefagleg ansvarleg.

Hausten 2020 starta barnehage- og skulefagleg ansvarleg opp arbeid med kompetanseplan for barnehage, skule og Setesdal PPT.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg tok hausten 2020 initiativ til og gjennomført ulike Tverrfaglege møte. Dette er starten på eit arbeid for meir strukturert samarbeid, samhandling og samskaping mellom ulike fagfelt.

Barnehage:

Det er to små barnehagar i Valle kommune. Dette er ein av fleire årsakar til at utgifter per time barna er i barnehagen er høgare i Valle enn i samanliknbare kommunar. Medan fleire av samanliknbare kommunar opererer med makspris i høve foreldrebetaling, er foreldrebetalinga i Valle kommune låg.

Barnetalet i barnehagane ser ut til å vere aukande, særleg i Hylestad barnehage.

Grunnskule:

Våren 2020 vert skyssordninga for SFO-elevane frå Hylestad avslutta. Det viste seg at få nytta tilbodet. (Utvalde resultat?)

Skulen har over fleire år hatt pedagogar på vidareutdanning gjennom ordninga "Kompetanse for kvalitet". Våren 2020 avslutta ein lærar studie innan spesialpedagogikk og ein annan er inne i eit utdanningsløp mot master i spesialpedagogikk. Hausten 2020 starta to pedagogar opp med vidareutdanning i matematikk.

Skulen er fulldelt. Elevtalet har gått nedover dei siste åra, men med tanke på at tendensen i barnehagane er aukande barnetal, kan det sjå ut som at elevtala etterkvart vil stabilisere seg i skulen og.

Det er færre elevar ved SFO ved Valle skule i 2020 enn året før. Det er usikkert kor mykje Covid -19 er skyld i dette. Nedgang i brukarar, samt låge satsar for foreldrebetaling i høve samanliknbare kommunar er nokre av årsakene til at Valle kommune ikkje kjem godt ut i høve kostnad per time barna er på SFO.

Utfordringar

Covid -19 har skapt utfordringar for arbeid innan oppvekst. Stadig endringar i mellom anna smittevernrettileiarane har krevd stor endringsvilje. Det har vore ressurskrevjande og det har tatt fokuset frå andre oppgåver.

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg har god kontakt med kollegaer i nabokommunane. Likevel saknast samarbeidd på området og på same nivå i eigen kommune. Dette har nok vore ekstra merkbar i 2020.

Barnehagane i Valle kommune fekk mange nye barn undervegs i 2020. Dette er utfordrande i høve bemanning. Når ein må søkje etter tilsette midt i eit barnehageår, er det utfordrande å få tilsette med rett kompetanse.

I både barnehage og skule møter me i aukande grad barn med sosiale og relasjonelle utfordringar. Dette har igjen utfordra oss i høve samarbeid og samhandling med andre faginstanser. Det er utfordrande å få til samhandling og samskaping for å sikre gode heilskaplege tenester ovanfor barna og elevane.

Utvalde resultat

Grunnskule og barnehage

- Hausten 2020 starta Valle kommune opp med rettleiing av nytilsette pedagogar på kommunenivå i tillegg til at nytilsette får rettleiing på arbeidsplassen. Dette året har tre pedagogar frå barnehagane og ein frå skulen deltatt. Skule- og barnehagefagleg ansvarleg leiar rettleiinga.
- I løpet av 2020 vart arbeid med plan for overgang barnehage-skule slutført.

Grunnskule

- Valle skule har ein positiv trend i resultat av nasjonale prøver på 8.trinn. Dei ligg på nasjonalt gjennomsnitt i engelsk, og over i lesing og rekning. På 9. trinn ligg dei litt over nasjonalt snitt i

Årsmelding 2020

lesing og litt under i rekning. På 5. trinn ligg Valle skule over nasjonalt nivå i engelsk, men under nasjonalt nivå i lesing og rekning.

- På elevundersøkinga har skulane i Valle over år hatt gode resultat på 7. trinn. I 2020 ligg dei på same nivå som året føre i fire hovudkategoriar, men har nedgang i dei seks andre. Det er størst nedgang i høve motivasjon.
- Resultat på elevundersøkinga på 10. trinn ligg under resultatane frå 7. trinn. Slik er det på landsbasis og. Samanlikna med 2019, har Valle skule i 2020 ein hovudkategori på same nivå, fem med betring og fem med nedgang. Eit positivt resultat er betring i høve motivasjon. Sjølv om resultatet framleis er lågt, er det positivt at skulen sine tiltak på området har gjort positiv utvikling.
- Samla omfang av spesialundervisning har auka. Det er nå 9,3 % av elevane som får spesialpedagogisk hjelp.

Barnehage:

- Barnehagen har inngått samarbeid med skulen om bruk av skulebiblioteket og har gjennomført prosjektet "Leselyst og leseglede."
- Førre foreldreundersøking (gjennomført i desember 2019) kom det fram at føresette opplever tilbodet i barnehagen noko ulikt i dei to barnehagane. Barnehagen har sett i gang tiltak. Tilbodet er ikkje likt, men målet er at dei skal vere likeverdige. Mellom anna nyttar begge barnehagane nærmiljøet kring barnehagane.
- Barnehagane har full pedagogdekning og grunnbemanninga er på plass.
- Barnehage- og skulefagleg ansvarleg i Valle kommune har i 2020 utarbeid og forhandla fram avtale med nabokommunane i høve gjestebarn i barnehagane. Dette gjer at Valle kommune får dekt utgifter ved at barn frå nabokommunar går i barnehage i Valle kommune.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 471	817	1 086	269	24,8 %

Kommentar til status økonomi

Mindreforbruket på omlag kr 270 000 gis her ei forklaring:

Covid -19 har ført tilendringar i dei føresetnader som låg til grunn for budsjettet vart lagt, særleg med tanke på reiseaktivitet og samarbeid med andre.

Det er budsjettet med at 20 % av løn til skule- og barnehagefagleg ansvarleg skulle finansierast gjennom prosjektmidlar, jf omtale under Økonomiplantiltak. I 2020 ble samla sett meir enn 20 % av løna ført på barnevern og personal då ressursen utførte arbeid på desse områda som vikar.

Det er eit stort mindreforbruk på utgifter til reise, overnatting, diett mm. i samband med kurs og møte. Dette er i hovudsak grunna Covid -19.

Det er og Covid -19 som gjer at utgifter til matsservering i samband med møte er mindre enn det er budsjettet med.

Det er eit mindreforbruk på annonseutgifter fordi vi i større grad når brukarane på andre måtar enn ved kjøp av annonsar.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Nye tiltak						
Oppvekst - tilskotsfinansiering - 20 % stilling	-170	0	-170	Ferdig	 jf. kommentar.	
Sum	-170	0	-170			
Sum tiltak	-170	0	-170			

Det var budsjettert at 20 % av stillinga skulle finansierast med prosjektmidlar. Tiltaket vart løyst ved at ressursen var vikar i deler av året grunna fråvær av leiar i barnevern og fagansvarleg personal.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,18 %	2,11 %	2,28 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Helseavdelinga

Skildring av verksemd

Helsetenesta i Bykle/Valle og LMT Setesdal

Eining 121 helsetenesta i Bykle og Valle

Helsetenesta har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen eit nødvendig og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteeininga omfattar fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, jordmor, helsestasjons- og skulehelseteneste, SLT (rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid) og psykisk helse og rustenesta. Det var i 2020 i alt 21,5 aktive stillingar i Helsetenesta i Bykle og Valle.

Generelt

Koronapandemien har prega heile helsetenesta heilt sidan midten av mars. Innan kort tid måtte alle einingar omstille seg, og omfattande smitteverntiltak var frå no av på dagsorden. Heimekontor, digitale konsultasjonar og møter, hyppig handvask, fysisk distansering og bruk av munnbind byrja å prege arbeidskvardagen. Stadige endringar i nasjonale føringar gjorde at tenesta var i stadig endring. Koronapandemien har såleis kravd ein betydeleg innsats frå dei tilsette og har forårsaka eit stort meirarbeid og belastning for alle.

Det vart etablert to smittesporingsteam, eit reservelager for smittevernustyr i Kristiansand, kontinuerlege videomøter for å halde kontakt med einingane og kontroll på utviklinga av smittestatus i kommunane. Det vart straks sett i gang med kontinuitetsplanlegging rundt koronapandemien. Risikoanalysar vart utarbeidde for å kunne vurdere moglege scenario både ved eit lokalt utbrot, ein aukande nasjonal smittetrend og dessutan smitte i essensielle tenester. Ein trafikklysmoell for dei ulike smittenivå vart etablert. Opplæring i ulike smitteverntiltak vart gjennomført, og relevante planar vart utarbeidde. I slutten av året vart det òg etablert vaksinasjonskoordinatorar og eit vaksinasjonsteam for å sikre at ein massevaksinasjon kan gjennomførast på ein trygg og sikker måte.

Det har vorte registrert sju små utbrot av koronaviruset i perioden, fem i Bykle og to i Valle kommune. Smittesporingsteama var raskt på banen og har gjennom kontinuerleg oppfølging forhindra at koronaviruset kunne etablera seg.

Legetenesta

Legetenesta har vore stabil fram til sommarferieperioden, der det vart naudsynt å ha ein kommuneoverlege i full stilling resten av året til å kunne handsame koronapandemien på en forsvarleg måte. På dette tidspunktet var den fast tilsette kommuneoverlegen ute i eit lengre fråvær, og delar av hennar stillinga var fordelt på to fastlegar. Derfor måtte éin av fastlegane konstituerast som kommuneoverlege i full stilling. Dette har skapt store bemanningsutfordringar i fastlegetenesta i heile hausten. Det har vist seg å vere tilnærma umogleg å få tilsett kvalifisert vikar, ikkje minst på grunn av dei strenge tiltaka som regjeringa hadde innført for å førebygge at koronaviruset spreier seg til Noreg frå andre land. Mangel på fastlegeressursar førte òg til ei stor belastning på dei andre legane, med tilsvarande auke i utgifter som konsekvens. Ny kommuneoverlege er tilsett og kjem å tiltre i stillinga i mars 2021.

Psykisk helse og rustenesta

Det var eit generelt større behov for tenester frå denne eininga. Det kom fleire førespurnader frå populasjonen og kommunale tenester. Tenesta har som følgje hatt lengre ventelister. Mange pasientar har hatt høgare symptomtrykk samanlikna med tidlegare år og har kravd lengre behandlingsforløp. E-terapi som vart brukt fungerer godt med lette psykiske lidningar, men gir dårlege resultat for tyngre lidningar. Personalet opplevde det som belastande med heimekontor og heimeskole, og sakna sosialt samvær med kollegaer. Til trass var motivasjon og trivsel i tenesta god.

Tenesta har hatt redusert kapasitet grunna nedtrapping av arbeidsprosent hos personale, og dessutan svangerskapspermisjonar. Arbeid med rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak har teken ein stor del av dei kliniske ressursane. Det er stor etterspørsel på systemarbeid. Når korona er over sest det gode moglegheit for å organisere tiltak på systemnivå, som over tid kan hjelpe positivt til psykisk helse hos familiar og born/ungdom.

Jordmortenesta

Det har vore eit annleis år grunna korona-pandemien, og mykje har vorte sett på vent. Men jordmortenesta og beredskapen har fungert som før. Det har òg vore mykje vaktberedskap og føljjeteneste som før i 2020, og totalt 10 fødsler i Bykle og 7 fødsler i Valle Kommune. Det var ikkje behov for vikar under ferieavviklinga. Alle kurs i 2020 vart avlyst på grunn av koronapandemien, blant anna perinataldag og ammehjelpens fagseminar. Det same gjeld kommunejordmortreff, men det har vore 2-3 møter på Teams.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

År 2020 og Covid-19 har på fleire vis sett preget sitt på førebyggjande helseteneste, men det kunne haldast oppe eit stabilt tilbod. Under nedstenginga vart det raskt skissert ein plan for smittevern frå helsestasjon og skulehelsetenesta som vart vidareformidla til samarbeidspartnarar.

I Bykle har alle helsestasjonskontrollar vorte utførte, og ingen har dermed mista tilbodet sitt. Anbefalte arbeidsoppgåver har vore stabil og vorte følgt opp som planlagd, derunder mellom anna vaksinasjonar, helsesamtalar og undervisningar.

Det har vist seg å vere utfordrande å gi tenester til barn i barneskulen med samtalar i skulehelsetenesta. Dei oppheldt seg heime saman med foreldre og det var såleis vanskeleg å halde ein samtale utan andre som overhøyrer samtalen. Dei barna er òg dei som ein arbeidar mykje med samtaleverktøy, som også vart vanskeleg å vise og arbeide med digitalt. Blant denne gruppa måtte helsesjukepleiar ta kontakt med foreldre for status og oppfølging. Ungdom som meistrar digitale arenaer fekk tilbodet sitt digitalt, sjølv om mange føretrekker fysiske møte.

Digitale småkurs frå fleire aktørar har gjort det lettare å få oppdatert kunnskap utan å bruke mykje tid på reise. 2020 har kravd mykje ressursar. Med auka pågang frå fleire hald og fleire med auka problemstillingar, har helsesjukepleiarane vore nøyde til å prioritere i nokre tilfelle. Det hadde vore ønskeleg med endå betre tid til unge og familiane deira for eit ytterlegare stabilt tilbod og tilgjengeleg helsesjukepleiar.

Helsestasjon 0-5 år

Auka behov for foreldrevegleiing. Det var utfordrande då det i ein periode berre ein forelder kunne vere med til kontroll. Vanskeleg å vurdere samspill og dynamikken i ein familie. Viktig at begge foreldre kjem dersom dei har høve til det, for å få likestilt informasjon og rettleiing frå helsestasjon.

Barn og familiar var utan eit tilbod om barseltreff på grunn av koronapandemien. Familie- og barn vart difor potensielt meir isolerte. Fleire familiar har på eige initiativ danna treff utanom helsestasjon.

Helsestasjon for ungdom

Sporadisk oppmøte. Ungdom kontaktar helsesjukepleiar digitalt eller på sosiale medium, og tar kontakt heile døgnet og i helgane. Ein måtte vere fleksibel med å nå ungdom alternativt. Fleire som vel langtidsverkande prevensjon (LARC). Helsesjukepleiar har fullført krav om rettleidd opplæring som har gjort det lettare å tilby mellom anna spiral som samsvarer med nasjonale tilrådingar.

Skulehelsetenesta

Auka behov for samtalar på grunn av auke av psykiske plager. Godt samarbeid med psykolog som ved fleire høve har gjeve rettleiing. I Valle har det vist seg å vere forholdsvis mange elevar på vidaregåande skule med psykiske vanskar som treng oppfølging. Elevane bur langt heimefrå. Mangel på sosiale aktivitetar og vaksenkontakt. Hybelbygget som kommunen eigar har inga bemanning. Det er ingen vaksne som har tilsyn med bygget og som elevane kan snakke med.

Fysioterapitenesta

Tenesta vart brukt mykje i heile 2020, særleg etter ho var stengd i ein kort periode i byrjinga av koronapandemien. Tenesta har spesielle utfordringar med smittevern, då mykje av behandlinga

medfører nærkontakt, og det er såleis umogleg å halde éin meters avstand. I tillegg er fysisk aktivitet og trening kopla til auka pustevolum, noko som er kjent for å auke faren for smitte med koronaviruset betrakteleg. Det har vore noko nedsett kapasitet på grunn av restriksjonar kring covid-19 og spesielt smittevask mellom kvar brukar.

Folkehelse

Folkehelseoversynet for Bykle kommune er sist oppdatert i 2016 og treng ei fornying snart. Folkehelsearbeidet i kommunen verkar å vera lite sett i system. En bør vera merksam på at folkehelse er berre 10% helse, og veldig mykje noko anna: skule, barnehage, teknisk etat, NAV og fleire andre har direkte påverknad på helsegradienten, som seier at folkehelsa følgjer ein gradient basert på yrke, status og inntekt. Det har vist seg å vere umogleg å arbeide med folkehelseoversikta grunna disponering av ressursane til handtering av koronapandemien. Etter ei naudsynt rolleavklaring i det vidare folkehelsearbeidet vil denne prosessen starte opp i 2021.

LMT Setesdal

Nedanfor fylgjer ei kort skildring av LMT Setesdal. LMT Setesdal har utarbeidd eiga årsmelding for 2020 som har vore til handsaming i kommunestyret i sak RS 16/2021

Lokalmedisinske tjenester (LMT) Setesdal er et vertskommunesamarbeid mellom Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes. Startet opp i drift i januar 2013.

LMT Setesdal skal ivareta de interkommunale funksjonene til:

- Leder og Samhandlingskoordinator
- Koordinator Psykisk helse og Rus
- Systemansvarlig IKT og Personvernombud
- Kreftkoordinator
- Audiograf
- Koordinator Hukommelsesteamet
- Sykepleier ved Hjertepoliklinikk

Stillinger

Stillinger	Årsverk 2019	Merknad
Hele enheten	4,13	
Leder/samhandlingskoordinator	1,0	
Koordinator Psykisk helse og rus	1,0	
IKT/Systemansvarlig/PVO	1,0	
Kreftkoordinator	0,5	
Audiograf (Hørssel)	0,25	Ansatt 75 % SSHF. Stillingen arbeider 50% i Setesdal og 50% ved SSHF
Koordinator Hukommelsesteamet	0,3	
Sykepleier i Kardiologitjenesten	0,08	Også ansatt 92 % Sykepleier legekantor

Utfordringar

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	12 129	13 048	13 073	25	0,2 %

Kommentar til status økonomi

Helsetenesta i Bykle og Valle

Helsetenesta har hatt eit meirforbruk samla for begge kommunane, som er grunna i store meirutgifter for handtering av koronapandemien. Smittevernutstyr var mangelvare særleg i dei første seks månadene etter koronapandemien kjem til Noreg. Prisane her har delvis tidobla seg og er framleis langt høgare enn vanleg marknadspris frå før pandemien starta. Etablering av felles smittevernlager i Vige / Kristiansand i regi av Agder fylkeskommune har kostet godt over ein halv million kroner. Meirforbruket har likevel ikkje vorte så stort som forventa, grunna kompensering via ubrukne lønnsmiddel til delar av kommuneoverlegestillinga og ergoterapeutstillinga, som vi ikkje lykkast med å tilsetje i i 2020.

Rekneskapsresultatet for Valle sin del av helsesamarbeidet syner ei drift i tråd med budsjett.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

NAV

Skildring av verksemd

Vertskommunesamarbeidet om NAV lokaltjenester for kommunene Vennesla (vertskommune), Iveland, Åseral, Bygland, Valle og Bykle vart etablert med verknad frå 01.01.2020 og har nå hatt sitt første virkeår. Samarbeidet går ut på at desse 6 kommunane har felles NAV-kontor som leverer tenester for alle desse 6 kommunane. I praksis er etablering av vertskommunesamarbeidet gjennomført som ein verksemdoverdraging, der kommunalt tilsette i dei 5 kommunane utanom Vennesla frå og med 01.01.2020 har gått over til å vera tilsette i Vennesla kommune. For statlege tilsette er der ingen tydelege endringar. Vennesla kommune leverer tenester innafor eininga sitt fagområde til alle samarbeidskommunane som er omfatta av avtalen.

Vennesla kommune er ansvarleg for drifta av vertskommunesamarbeidet og fakturerer samarbeidskommunane med utgangspunkt i folketal per inngangen til driftsåret. Valle kommune sin del av dette for 2020 har vore på 5,73 % i tillegg kjem eit påslag på 3 % slik det går fram av avtalen.

Drift av eigeidom inngår ikkje i driftsavtalen, men kvar kommune må sørge for å ha lokaler disponible til NAV i kommunen.

NAV yter følgjande tenester:

- Økonomiske sosialhjelp og kvalifiseringsstønad, lovfesta i lov om sosiale tenester i NAV
- Råd og rettleiing, lovfesta etter lov om sosiale tenester i NAV
- Bustøtte frå Husbanken.

Busetning av flyktingar og oppfølging av introduksjonslova ligg utafør avtalen, men NAV Midt-Agder driftar eit fagnettverk og kommunane i samarbeidet.

Utfordringar

Når 6 kommunar går saman i eit samarbeid vil ulikskaper og likskaper koma fram. Andel som mottok sosiale tenestar, deltakarar i kvalifiseringsprogram, uføretrygda og AAP-andel er ulike. I første rekke er det viktig å skapa eit samla bilete over dette samla for heile vertskommunesamarbeidet. Å kunne hindre at mange står heilt utafør arbeidslivet er ei utfordring.

I tida framover er det lite truleg at Valle vil få nye flyktingar busette gjennom IMDI. I dette ligg at fagfeltet vert bygd ned, tilbudet gitt gjennom introduksjonsprogrammet vert avvikla, men at Valle i fortsetjinga må tilby grunnskule for vaksne for denne gruppa.

Utvalde resultat

Yte tenestar etter lov om sosiale tenester i NAV er hovudfokus og det vert gjort. Dessutan å gi flyktingar dei rettar og plikter som følgjer av introduksjonslova. Introduksjonsprogrammet sikrar skulegang, integrering og arbeidstrening for flyktingane.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	4 731	3 966	2 434	-1 532	-62,9 %

Kommentar til status økonomi

NAV si drift, slik det går fram av rekneskapen for tenesteområde, omhandlar Valle sin del av vertskommunesamarbeidet i NAV Midt-Agder og drift av flyktingtenesta i Valle. Samla har drift av desse tenestane eit meirforbruk på omlag 1,5 mill. kroner.

Av dette har NAV Midt-Agder, sosialtenesta, råd og veiledning eit meirforbruk på omlag 0,7 mill. kroner. Då budsjettet for vertkommunesamarbeidet vart lagt var fleire tilhøve kring dei økonomiske føresetnadane ikkje avklåra. Deltaking i Folkehelseprosjekt *Nye mønstre - trygg oppvekst* der lønskostnader, finansiert av tilskotsmidlar, vart avslutta i starten av 2020 som følge av manglande tilfang av eigna saker til prosjektet. Dette har betydeleg innverknad på økonomien, då ei halv stilling låg finansiert gjennom prosjektet. Vidare utover i 2020 fekk Covid-19 pandemien sine verknader i høve til auka ledighet og auka behov for sosiale ytingar. 2020 har vore eit etableringsår for ny driftsform med den uvisse som har vore sett i høve til kostnader for drifta.

Drift av flyktingtenesta inngår ikkje i samarbeidet med NAV Midt-Agder. I budsjettet for 2020 låg til grunn at alle deltakarane i introduksjonsprogrammet ville vera ferdige i programmet sommaren 2020. Ein kombinasjon av forseinking og hindring av framdrift i programmet som følge av pandemien og individuell trong for forlenging av programmet gjorde til at drifta av introduksjonsprogrammet har fortsatt heile 2020 med dei meirkostnadar dette har ført til.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	25,87 %	25,87 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Ikkje sjukefravær på kommunalt tilsett personell tilknytta flyktingtenesta i nav Valle. Sjukefraværet i nav Midt-Agder har vore på 8 % blandt dei statleg tilsette og 4,9 % på dei kommunalt tilsette.

Pleie og omsorg

Skildring av verksemd

Valle Bygdeheim.

Valle Bygdeheim har 20 årsverk knytt til institusjonen, den består av 15 langtidsplasser, der 7 av desse er i skjerma eining. Det er også 5 korttidsplassar som brukast for observasjon, kartlegging, lindrande, rehabilitering, intravenøs behandling, ernæringsbehandling, avlastning.

Det er 15 +/- langtidsplasser som er belagt gjennom 2020. 26 korttidsopphold og 14 KØH innleggjelser. Det har vore kun 1 avlastningsopphald i 2020.

Bemanningsfaktoren vert lagt opp til 1. Dette fordi at ein skal få ein forutsigbar og god teneste. Ein skal handtere alle tilbod vi har i Valle kommune.

Det er sett opp nytt sykesignalanlegg på Bygdeheimen som var i drift i november 2020.

Open omsorg

Open omsorg har totalt 16 årsverk.

Heimesjukepleie har ligget stabilt på 50 +/- brukarar over lengre periode. Det er ei auke i antal med omfattande behov som visar at ein har dreid tenesta i riktig retning. Det er eit stort geografisk område slik at det kan vere kostandskrevande å ha brukarar i endane av kommunen. Lange avstander krever mykje bruk av tid i bil.

Ein har også fokus på å vere ei innovativ teneste å ta teknologi i bruk der det kan vere eit supplement til den tradisjonelle tenesta.

Praktisk bistand i form av heimehjelp ser ein at er ei teneste som aukar. Dette må ein forvente dersom ein skal kunne bu i eigen heim lenge.

Habilitering

Det er knytt 9 årsverk til habilitering. Det leverast heildøgnsteneste, punkt tenestar, støttekontakt, boveiledning og koordinatorteneste.

Dagsenter

Det er knytt 1,2 årsverk til dagsenter. Det er dagsenter for psykisk helse, heimebuande med demens. Det er også dagsenter kvar onsdag til heimebuande eldre.

I 2020 har ein hatt ein reduksjon på plasser på dagsenter, samt at det har vore stengt ein periode i vår og sommer på grunn av Covid-19.

Bemanning

Det er gjort eit systematisk arbeid med ei stabil grunnbemanning i alle deler av teneste. Det er områder av tenesta det er knytt store utfordringar med å få bemanna godt nok opp. Det gjelder praktisk bistand spesielt ved fravær men også ved auka behov. Og det er i dei tenesta som er få årsverk knytt opp til små einingar. Dette fører til høge overtidskostander.

Når det gjeld heiltid og deltid så er det redusert siste året. Talet på ufrivillig deltid var i 2019 23 personer. i 2020 er dette 11 personer.

Covid-19

Covid-19 førte til ein stor andel av karantener i starten av pandemien. Det er også krav om å ha eit omfattende lager av medisinsk teknisk utstyr og smittevernustyr. Karantener, egenmeldinger og utstyr er dei ekstra kostnadene me har hatt.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	36 016	38 328	38 744	416	1,1 %

Kommentar til status økonomi

Pleie og omsorg vart tilført 6 mill. kroner i budsjettregulering, jf økonomirapporten for 2. tertal. I hovudsak knytter dette seg til lønnsutgifter i drift og ressurser knytt til ressurskrevande tenester. Det er nokre av dei mindre einingane det er bemanningsproblematikk ved slik at utgifter fort vert høge på grunn av bruk av overtid. Pleie og omsorg har også eit veldig varierende trykk i forhold til brukarar med omfattande behov. Kjem det "toppar" der fleire treng mykje tenester er det nødvendig å tilføre ekstra bemanningsressursar. Det var ikkje heller lagt inn tilstrekkelige midler til arbeidsgivaravgift, turnustilleggsutgifter og feriebudsjett.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,69 %	5,39 %	6,08 %
Årlig sykefravær 2020	0,44 %	3,97 %	4,42 %

Pleie og omsorg har i 2020 eit totalt sjukefråver på 4.42%.

Sjukefråveret er innanfor målsetjing. Ein ser at det varierer i dei ulike avdelingane og at ein må fortsette arbeidet med rutinar for sjukemeldingoppfølging og rutinar i avdeling for ein god arbeidskvardag. Bedriftshelsetenesta er bruka for å styrke ei god oppfølging av sjukemeldte.

Teknisk – teknisk drift og forvaltning

Skildring av verksemd

Samfunnsutvikling og teknisk eining har ansvar for områda: 570 Teknisk sjef, 571 Teknisk drift, 572 Teknisk forvaltning, 573-VAR, 574-Drift veg, 575 Drift reinhald. Delar av området 22 Næring vart overført til 36 Velkomstsenteret i 2020.

Covid 19 epidemien har rørt teknisk eining i høve prioriteringar av oppgåver og ressursar. Beredskapskoordinator har som del av krisleleiinga brukt tid på nasjonal og regional oppfølging og rapportering i høve epidemien. Eininga har prioritert investerings- og driftstiltak som har komme inn under nasjonale støtte og/eller kompensasjonsordningar som følge av Covid 19. Dette gjeld både for kommunen og næringslivet. Positivt for kommunen er økt aktivitet spesielt innanfor utbygging av fritidsbustader, vert omtalt under forvaltning. Koronaviruset har ført til stort fokus på smitteverntiltak, reinhald og reinhaldsrutiner. I tillegg til vanleg reinhald har tenesta satt inn tiltak i høve nasjonale retningslinjer.

Utfordringar

Utvikle god verksemdstyring, spesielt med fokus på kvalitet på riktige tenester, tenesteforbetring og utvikling, internkontroll og økonomistyring i eininga.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
570-Teknisk sjef	3 495	2 637	2 616	-21	-0,8 %
571-Teknisk drift	8 697	9 310	9 910	601	6,1 %
572-Teknisk forvaltning	2 761	4 678	4 099	-578	-14,1 %
573-VAR	125	-65	-574	-510	-88,8 %
574-Drift veg	5 385	5 976	4 708	-1 268	-26,9 %
575-Drift reinhald	5 370	4 965	4 936	-29	-0,6 %
Sum	25 833	27 501	25 695	-1 806	-7,0 %

Årsmelding 2020

Samla har teknisk drift og forvaltning eit meirforbruk på omlag 1,8 mil. kroner, men i dette ligg refusjon av meirverdiavgift frå kostnader ført i rekneskapen for Teknisk bokført med omlag 2,5 mill. kroner under ansvar 7000 Momskompensasjon. Omtala av økonomi/avvik framgår av tekst i kvart driftsområda/eining nedafor.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,53 %	6,67 %	7,20 %
Årlig sykefravær 2020	0,22 %	5,29 %	5,51 %

Teknisk sjef

Skildring av verksemd

Teknisk leiar

Området teknisk leiar er på 1 årsverk fordelt på fagområda samfunnsutvikling, næring og leiding av eininga. Leiar har vore sjukemeldt store delar av 2019 og våren 2020. Våren 2020 slutta leiar i Valle kommune. Rådmann har ivaretatt funksjonen gjennom 2020.

Rekruttering av ny leiar pågjekk sommaren og utover hausten 2020. Det er generelt krevjande å rekruttere til leiarstillingar. Innafor teknisk er det spesiell stor konkurranse om kandidater med relevant kompetanse og erfaring. Stillinga vart utlyst to gonger. Desember vart ny leiar tilsett med oppstart 01.04.21.

Utfordringar

- Rekruttere nødvendig kompetanse innanfor dei ulike fagfelt.
- Manglar planfagleg kompetanse, kommunen leiger inn konsulenttenester til dette arbeidet. Eininga arbeider med å styrke plankompetansen internt for å kunne gjennomføre diverse oppgåver sjølv.
- Det er etterslep på vedlikehald av kommunale bygningar og anlegg.
- Verksemdstyring, økonomistyring og oppfølging av budsjett er løfta opp
- Etablere og ta i bruk kvalitetsystem

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	3 495	2 637	2 616	-21	-0,8 %

Kommentar til status økonomi

Ledige lønsmidler grunna vakanse i stilling som teknisk sjef er omdisponert til innleige av plankompetanse frå eksterne.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	7,76 %	7,76 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Ved utgangen av året er der ikkje sjukefravær i avdelinga.

Teknisk drift

Skildring av verksemd

Teknisk drift

Teknisk drift er fordelt på ulike ansvarsområder som kommunale bygg, bustader, grøntareal, kyrkjegard, Setesdal vgs.

Dette er fordelt på 7 ansatte i 6,75% stilling.
I tillegg til driftsleiar i 100% stilling.

Av dette er det bunde opp:

40% stilling til Setesdal vgs.
ca. 50% kyrkjegardsdrift

Teknisk drift har også ansvar for oppfølging av hjelpemidler via hjelpemiddelsentralen (ca.50%).

Utfordringar

Ein stor del av driftsbudsjettet er bunde opp mot faste utgifter som straum, kommunale avgifter, serviceavtalar m.m

I tillegg kjem akutte oppgåver som må utførast for å sikre primæroppgåva til bygg og anlegg.

Ein må difor til ei kvar tid sjå på moglegheitar for å redusere desse kostnadane i form av ulike tiltak.

* Drift - Sjå på moglegheitar for å effektivisere drift i form av ny teknologi.

* Energi - Oppgradering av eldre anlegg og bygg til dagens nivå når det gjeld: varme, ventilasjon, smartteknologi, LED m.m.

* Bygningsmasse - Vurdere behov og sjå på moglegheiter for arealeffektivisering av ulike bygg.

Utvalde resultat

Det vart i 2020 solgt 2 eldre kommunale bustader.

Gjennomførte driftstiltak i 2020

- Utvendig måling av Hylestad Soknehus
- Utvendig måling av Internat.
- ENØK tiltak som f.eks oppgradering til LED belysning.
- Asfaltering utanfor kommunehus.

- Innvendig maling og golvbelegg i kommunehuset
- Ny kjøkkeninnredning, Bustad Rysstadmo 24.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	8 697	9 310	9 910	601	6,1 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk drift som omfattar drift av alle typar kommunale bygg, idrettsbanar, parkar, kyrkjegardar og skiløyper.

Teknisk drift har ei drift som syner mindreforbruk. Nettobudsjettering for meirverdiavgift ligg til grunn, og omlag 1,1 mill. kroner av momskompensasjonen (inntekt) er ført under ansvar 7000 Momskompensasjon og påvirkar ikkje resultatet for eining Teknisk, likevel syner drifta mindreforbruk.

Generelt har kostnadane til straum vore lågare enn budsjettert i 2020 og utgjer omlag 0,4 mill. kroner for dei ansvara som inngår i Teknisk drift. I budsjettert er kostnad til drift av Kyrkjegardar på ansvar 5773 satt til kr 450 000, men alle kostnader til drifta er overført til ansvar 3350 Kyrkjer og andre trussamfunn, utan at budsjettet er justert tilsvarende.

Husleigeinntektene i rekneskapan ligg omtrent kr 100 000 høgare enn budsjettert. Erstatningsutbetaling i samband med vasskade er ført som inntekt.

5719-Valle kultursenter

Vi hadde i 2020 ei større forsikrings sak i Vestibylen, grunna vannskader i forbindelse med hull i tak. Det blei utbetalt kr 479 150,- frå forsikringsselskap i erstatning for skaden.

Det var her gips i himling, men Valle kommune valgte og bytte dette til systemhimling for få meir kontroll på eventuelt framtidige lekkasjar, men fekk ikkje dekt kostnadene til dette fullt ut.

Då vi uansett måtte plukke ned all belysning, vart dette oppgradere til LED i staden for å bore hull for gamle armaturar i den nye himlingen.

Vi hadde også havari på UV-anlegg og ei sirkulasjonspumpe i svømmebasseng. Dette har ført til ein reparasjonskostnad ca.150 000 eks.mva.

Om ein ikkje hadde reparert dette, ville ein måtte stenge bassenget.

5772-Skiløyper/turløyper

Auka utgifter til løypekøyning jfr. vedtak. F 16/20, dekket av løypefond med kr 226 000.

Det er også utbetalt kr 39.980,- til leige av grunn til ruller skiløype som ikkje var budsjettert med for 2020.

5820-Kommunehuset

I forbindelse med ombygging på kommunehuset er det kome kostnader som ein må ta ifrå driftsbudsjettet. T.d. asfaltering og graving på uteområdet og nytt golvbelegg i ny del av Velkomstsenter.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Nye tiltak							
FDV System	200	0	200	I arbeid	✓	Arbeidet med eit nytt FDV-system er nå godt i gang og blir brukt i den daglige drifta.	
Åraksøyne - reduksjon i leigeinntekter	250	0	250	Ferdig	✓	Inngår i regnskap for 2020	
Sum	450	0	450				
Politisk vedtak							
Tiltak for hørselshemma i kommunale bygg	50	0	50	I arbeid	✓	Det vart i 2020 montert teleslynge i dagsenter på Valle bygdeheim og 1. og 2. etg i Hylestad soknehus.	
Forprosjekt oppgradering av Storstoga	100	0	100	Ferdig	✓	Er ein del av investeringsregnskapet	
Åraksøyne - reduksjon i leige for Valle kommune	110	0	110	Ferdig	✓	Inngår i regnskap for 2020	
Sum	260	0	260				
Sum tiltak	710	0	710				

Tiltak for hørselshemma i kommunale bygg

Det vart i 2020 montert teleslynge i dagsenter på Valle bygdeheim og 1. og 2. etg i Hylestad soknehus.

FDV System

Vi er godt igang med å implementere Plania som eit digitalt verktøy i det daglege arbeidet, der ein mottek meldingar om arbeidsoppgåver og viderefører desse til arbeidsordre.

Digital brannbok er andre lovpålagte oppgåver innanfor Interkontroll er digitalisert i faste arbeidsordre med kontrollister i Plania

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,00 %	0,00 %	0,00 %
Årlig sykefravær 2020	0,13 %	0,00 %	0,13 %

Kun sporadisk korttidsfravær grunna sjukdom i avdelinga.

Teknisk forvaltning

Skildring av verksemd

Forvaltning har 6 tilsette fordelt på 5.45 % stillingar med ansvarsområder innan plan, landbruk og utmarksforvaltning, byggjesak, oppmåling, GIS og veterinær.

I mangel av leiar samfunnsutvikling og teknisk avdeling er det konstituert fagleiar for forvaltning, det er ikkje tilført ressursar på avdelinga.

Det er felles skogbruksjef for Bygland, Valle og Bykle kommune med kontorstad i Bygland. Dette utgjer 20% stilling.

Utfordringar

Pandemien har ført til endring av saksmengde for forvaltning. Interesse for kjøp av hyttetomter har auka og avdelinga har dobla antall oppmålingsforretningar. Byggetiltak vil auke i takt med desse sakane.

Det vert leigd inn ekstern planfagleg kompetanse.

Utvalde resultat

Forvaltning har hatt fokus på å oppdatere kommunen si heimeside for at brukarar kan enkelt finne informasjon dei treng på eige hand, dette for å lette arbeidet for sakshandsamarar. Digitale løysingar vert vurdert fortløpande.

Sakshandsamingstid for bygge- og delesaker er stort sett innanfor tidsfrist. Det vart handsama 41 saker i plan og miljøutvalet og 233 saker administrativt. Totalt 274 saker.

I 2020 vart det handsama 100 oppmålingsforretningar (43 oppm.forr. i 2019), desse er stort sett innanfor tidsfrist.

Det vart vedteke 5 reguleringsplanar og 12 under handsaming.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	2 761	4 678	4 099	-578	-14,1 %

Kommentar til status økonomi

Teknisk forvaltning har eit meirforbruk på omlag 0,6 mill. kroner. Omtale av rekneskapen for dei ulike områda som går inn under Forvaltning er kommentert nedafor. Nettobudsjettering for meirverdiavgift ligg til grunn. Omlag kr 340 000 av momskompensasjonen (inntekt) er ført under ansvar 7000 Momskompensasjon.

Ansvar 5731 Byggesak

Her framkjem eit mindreforbruk på omlag kr 86 000. Grunnen er meirinntekter frå saksbehandling som følgje av fleire saker enn budsjettert.

Ansvar 5732 Plansaksbehandling

Drift i tråd med budsjett. Plankompetanse kjøpes, men grunna moderat behov har aktiviteten vore lågare enn budsjettert og tilsvarande lågare inntekter enn budsjettert.

Ansvar 5733 Oppmåling

Aktiviteten på kart og oppmåling har vore høg og betydeleg høgare enn budsjettet. Oppmålingskompetanse vert kjøpt inn eksternt med kostnader utover budsjett og med tilsvarende inntekter utover budsjett. Dette er eit sjølvkostområde, avsatt kr 850 000 til bunde fond.

Ansvar 5734 GIS

Mindreforbruk på omlag 0,5 mill. kroner som følgje av lågare lønnskostnader og mindre kjøp av tenester frå kartverket grunna moderat behov.

Ansvar 5736 Jord og skogbruk

Meirforbruk på omlag 0,4 mill. kroner som tilsvarar kommunalt jordbrukstilskot utbetalt, men som ved eit feil ikkje var budsjettet.

Ansvar 5737 Veterinær

Mindreforbruk på omlag kr 130 000 grunna variasjon i aktiviteten for næringa.

Ansvar 5738 Utmarksforvaltning

Refusjon frå Staten og utgifter til Valle fiskeadministrasjon for kalking samsvarer ikkje fullt og heilt. Her kjem fram eit meriforbruk på omlag kr 240 000, der momskompensasjon, ført på ansvar 7000, utgjør omlag kr 90 000 av beløpet.

Ansvar 5739 Kommunalt viltfond

Utgifter til løn og godtgjersle (Sak 35/2020 frå formannskapet) i tillegg til innkjøp av ny fallvilthengar for viltskjøtsel det ikkje var budsjettet for, i kombinasjon med veldig lågt budsjett fører til meirforbruk på omlag kr 200 000.

Status økonomiplaniltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Nye tiltak							
Planstrategi	100	0	100	Ferdig	✓	Planstrategi vart vedteke i kommunestyret desember 2020	
Sum	100	0	100				
Vedtak forrige periode							
Adresseprosjekt - slutføring	62	0	62	I arbeid	✓	Adressering av fjellområda er ikkje ferdig, det har ikkje vore ressursar til å	

Årsmelding 2020

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
					opprette adresse for eks. bygningar i 2020.	
Sum	62	0	62			
Sum tiltak	162	0	162			

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,57 %	11,01 %	11,58 %
Årlig sykefravær 2020	0,67 %	2,48 %	3,15 %

Forvaltning har i 2020 hatt langtidssjukmelding som ikkje er arbeidsrelatert.

VAR

Skildring av verksemd

Ansvarsområder for VAR:

- Drift og vedlikehold av 3 kloakkrenseanlegg - Valle, Rysstad og Brokke
- Drift og vedlikehold av 4 vassverk - Rysstad, Garane, Valle og Flateland
- Drift og vedlikehold av ledningsnett vatn og avløp (ca 40 km med vassledningar og ca 17 km med avløpsledningar og ca 350 VA kummar)
- Drift og vedlikehold av 13 pumpestasjonar/kummar for avløp
- Slamrenovasjon utanfor off nett
- Pipefeiing
- Renovasjon

Stillingar VAR:

- 100 % stilling Driftsoperatør - vatn og avløp
- 70 % stilling Fagleiar - vatn og avløp
- 40 % stilling Rådgjevar - vatn og avløp
- 25 % stilling Konsulent - vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam utanfor off nett og renovasjon
- 2,35 stillingar på 4 personar

Utfordringar

Faste gjeremål til faste tider (dagleg tilsyn/oppfølging av anlegga, prøvetakingar, rapporteringar etc) vert prioritert medan forebyggjande vedlikehaldsarbeid kjem i andre rekke.

Utvalde resultat

- Mattilsynet utførde 27.10. 2020 tilsyn med vassforsyninga. Tilsynet vart utført på Teams pga corona.

Årsmelding 2020

- Tema for tilsynet gjekk på distribusjonssystem og prøvetakingsplanar for Rysstad, Valle og Flateland vassverk
- Tilsynet gav tilbakemelding om manglande B-parameter og manglande skriftleg vedlikeholdsplan på alle 3 vassverk.
- Frist for utbetring 4.januar 2021 på å få på plass B-parameter i prøvetakingsplanane. Etter muntleg avtale var avvika lukka den 13.01.2021. Då hadde vi på plass nye prøvetakingsplanar for Valle og Flateland vassverk i tillegg til korrigering av prøvetakingsplan for Rysstad vassverk (frå 2019).
- Arbeid med skriftleg vedlikeholdsplan tatt i bruk november 2020. Driftsassistansen i Aust Agder har utarbeidd ein mal som kan brukast til dette.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	125	-65	-574	-510	-88,8 %

Kommentar til status økonomi

VAR-områda omhandlar vatn og avløp som ikkje vert drive etter sjølvkost. Slamtømming, renovasjon og feiing og tilsyn vert drive etter sjølvkost med avsetning til og/eller bruk av bundne fond. I berekning av sjølvkost inngår direkte og indirekte kostnader i tillegg til indirekte kapitalkostnader.

Samla for VAR-områda syner rekneskapen eit meirforbruk i høve til budsjett på omlag 0,5 mill. kroner, avsetning og/eller bruk av bundne fond inngår i beløpet.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	2,11 %	0,00 %	2,11 %
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	22,93 %	22,93 %

- Høgt sjukefråver pga langtidsjukemelding. Ikkje arbeidsrelatert

Drift veg

Skildring av verksemd

- Driftsansvar for 36 km kommunal veg med sommar og vintervedlikehald. All snørydding/strøing er satt bort til private kontraktørar både på bilvegar og gang/sykkelvegar og parkeringsplassar. Teknisk vakt er kontaktelefon både mot publikum og entreprenørane. Under Drift veg ligg også driftsansvar for 2 hengjebuer: Lunden og Prestefossen.
- Driftsansvar for ca 750 vegljøsmaster, inkl ljøsløypa i Brokke (vedlikeholdsavtale med Otera Infra)

Utfordringar

- Valle kommune har etterslep på vedlikehald på kommunale vegar. Det er framleis mange km med veg som må reasfalterast. Det vart utført eit godt arbeid med grøfterensk i 2020, det som står att er tenkt å gjerast ferdig i 2021.

Utvalde resultat

- Under bruinspeksjon i 2020 vart det avdekka svakheiter på 3 bruer på kommunale vegar. Dette er 2 bruer på Rygnestadvegen og 1 bru på Brottveit.

Svakheita ligg rundt bru-kara i det som vert kalla såletå. Vatnet har vaska ut stein og grus som ligg rundt desse og det er anbefalt å forsterke såletå med betong. Svakheitene er ennå ikkje så store at trafikktryggleiken er svekka, men må utbetrast innanfor rimeleg tid.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 385	5 976	4 708	-1 268	-26,9 %

Kommentar til status økonomi

Samla syner rekneskapan for drift av kommunale vegar, parkeringsplassar, vegljøs og sentrumsområder i Valle og Rysstad eit meirforbruk på omlag 1,3 mill. kroner. Budsjettet er eit nettobudsjett i høve til momsrefusjon. Momsrefusjon på omlag 0,9 mill. kroner er inntektsført under ansvar 7000 Momsrefusjon.

I budsjettet for 2020 vart det lagt opp til at prosjekt 7804 Områderegulering Rysstad sentrum og prosjekt 78080 Ramme utvikling Valle sentrum var investeringsprosjekter. Slik innhaldet i prosjekta utvikla seg synte det seg at kostnader ført på prosjekta var å ansjå som driftskostnadar og måtte av den grunn førast i drift og ikkje i investering. Samla utgjer dette omlag kr 400 000 som ikkje var budsjetterte i drift. I tillegg kom også kostnad på omlag kr 170 000 frå investering til drift på kommunale vegar (prosjektering g/s veg Helle-Rysstadmo)

Status økonomiplantiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Prognose	Avvik	Status	Risiko	Beskrivelse	Justeringskode
Politisk vedtak							
Lys ved leikeplass på Rysstad	100	0	100	Ikke startet		kjem i 2021 pga at prosjektet vart dyrare enn først antatt og måtte inn i budsjett for 2021	
Sum	100	0	100				
Sum tiltak	100	0	100				

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2020	0,00 %	0,00 %	0,00 %

Drift reinhald

Skildring av verksemd

I teknisk avdeling - reinhald er det 8,99 årsverk. Det er seks fagarbeidere, fem assistenter og ein driftsleiar. Reinhald har hatt 2 flyktningar i språktrening.

Avdelinga har ansvar for reingjering av kommunale bygg, så som skular, barnehagar, bygdeheimen, kultursenter, kommunehus og bibliotek. Det er tilsaman 14 908 m2 som vert reingjort.

Vår målsetting er å ha eit effektivt og godt reinhald, innanfor dei rammer som til einkvar tid blir satt. Tilsette i reinhaldstenesta vektlegg service, høflighet, samarbeid og effektivitet.

Valle kommunes reinhaldsavdeling er oppteken av miljø, og skal være ein bidragsyter til at det vert minst mulig forureining frå vår kommune.

Utfordringar

Rekruttering vil bli ein utfordring frametter. Dette syner seg og blant anna med at færre ungdom søker sommarjobb i reinhaldstenesta.

Uten flyktningane som bur i Valle hadde det vore svært krevjande å få tak i vikarar.

Teknisk avdeling- reinhald har en aldrende stab, med lang fartstid, og det vil tvinge seg fram nytenking, rekruttering og endringer.

Utvalde resultat

Forbruket til reinhaldsmidler art gruppe 100 har auka i pandemi året 2020. Meirforbruk på såpe, papir, desinfeksjon, hansker, munnbind og annet utstyr har vært nødvendig for å kunne opprettholde et godt smittevern. Tilsette har reingjort ulike områder fleire ganger til dagen. Grunna Covid -19 har det vore behov for å auke bemanninga i reinhaldstenesta med innleigd ekstrahjelp og vikarar.

Status økonomi

Beløp i 1000

Eining	Regnskap 2019	Regnskap 2020	Rev. bud. 2020	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	5 370	4 965	4 936	-29	-0,6 %

Kommentar til status økonomi

Sjølv med uføresatte hendingar som stort sjukefråvær og auka ressursbruk grunna covid-19 har eininga for reinhald hatt ei drift omlag i tråd med budsjett. Covid-19 har fordra auka reinhald og ekstra reinhald både i skule, barnehage og offentlege bygg generelt som tilsaman har hatt ein meirkostnad på omlag kr 400 000 utan at budsjettet er blitt justert. Refusjon av sjukepengar frå NAV i kombinasjon med nedstengde areal utan behov for reinhald i periodar i samband med covid-19 har likevel gjort at oppgåva har kunna løysast innafor eksisterande budsjetttramme.

Sykefravær

Fravær	Korttid	Langtid	Samlet fravær
Årlig sykefravær 2019	0,81 %	10,41 %	11,22 %
Årlig sykefravær 2020	0,21 %	9,12 %	9,33 %

Samla sjukefråvær for året 2020 ligg på 9,33 %.

Sjukefråværet har vore prega av langtidssjukemelde i 100%

Det har også vore sjukemeldingar indirekte knytt til Covid 19. Dette gjeld spesielt skule og barnehagar.

Det blir arbeid kontinuerlig med sjukefråværet. Det er blitt ført dialoger med sjukemeldte, og BHT har blitt involvert.